

Årsrapport 2018



Innhald

Del 1: Fråsegn frå leiaren	4
Del 2: Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
2.1 Samfunnsoppdraget til DFØ	6
2.2 Organisasjon og leiing	7
2.3 Utvalde hovudtal.....	8
Del 3: Aktivitetar og resultat i 2018.....	9
3.1 Delmål 1: Kompetanseoverføring frå DFØ representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse	9
3.1.1 Regelverksforvaltning og kompetansetenestene	10
3.1.2 Enkeltoppdrag frå departementet.....	15
3.1.3 Tilleggsoppdrag til tildelingsbrevet.....	17
3.1.4 Andre utviklingstiltak på forvaltingsområdet.....	20
3.1.5 Ressursbruk for regelverksforvaltning og kompetansetenestene	21
3.2 Delmål 2: Dei fellestenestene DFØ yter, er korrekte og nyttige og kjem til rett tid.....	22
3.2.1 Lønns- og rekneskapstenestene	22
3.2.2 Utviklingstiltak for lønns- og rekneskapstenestene	26
3.2.3 Ressursbruk for lønns- og rekneskapstenestene	29
3.2.4 Konsernsystema	30
3.2.5 Enkeltoppdrag frå departementet.....	32
3.2.6 Andre utviklingstiltak for konsernsystema	32
3.2.7 Ressursbruk for konsernsystema.....	33
3.3 Delmål 3: Tenestene til DFØ gir synergjar og stordriftsfordelar.....	33
3.3.1 DFØ har standardiserte leveransar	35
3.3.2 Einingskostnadene i DFØ er på nivå med eller lågare enn i verksemder vi kan samanliknast med.....	35
3.3.3 DFØ har store volum.....	36
3.3.4 Kundane tek i bruk digitaliserte løysingar frå DFØ	37
3.3.5 Ressursbruk i 2018	38
Del 4: Styring og kontroll i verksemda	43
4.1 Ny strategi	43
4.2 Effektiv drift og produktivitetsutvikling	43
4.3 Risikovurdering og internkontroll	45
4.4 Samarbeid med Difi	46
4.5 Bemanning og personalforvaltning.....	47
Del 5: Vurdering av framtidssutsikter.....	51
Del 6: Årsrekneskap.....	53
Vedlegg: Forklaringsvariablar 2018.....	77

Figurar

Figur 1: organisasjonskart for DFØ per 31. desember 2018.	7
Figur 2: gjennomsnittleg skår frå brukarane av forvaltingstenestene på spørsmål om DFØ medverkar til god styring i staten.	12
Figur 3: kor fornøgde brukarane er med kompetansetiltak frå DFØ.....	13
Figur 4: prosentdelen av brukarar som svarte positivt på spørsmålet om dei er fornøgde med tenestene frå DFØ som er knytte til forvaltninga av økonomiregelverket.....	14
Figur 5: utviklinga i kor fornøgde kundane er med lønns- og rekneskapstenestene på ein skala frå 1 til 6 i perioden 2014–2018.	24
Figur 6: utviklinga av korleis brukarane opplevde nytta av lønns- og rekneskapstenester.....	25
Figur 7: kor fornøgde brukarane er med tilbodet frå DFØ av rapportar som gir styringsinformasjon.	26
Figur 8: kor fornøgde brukarane er med tenester knytte til statsrekneskapen, medrekna løysing og rådgiving.....	31
Figur 9: kor fornøgde brukarane er med tenester knytte til statleg betalingsformidling, medrekna den statlege konsernkontoordninga.	32
Figur 10: utviklinga i prosentdelen EHF-fakturaer i perioden 2008–2018.	38
Figur 11: samla tildeling i 2018 fordelt på kapittel/post, i prosent.	39
Figur 12: kor stor prosentdel løyvingar utgjorde i perioden 2014–2018.....	40
Figur 13: samansetjinga av driftskostnader i 2018 etter type kostnad, i prosent.....	41
Figur 14: driftskostnad per hovudområde i perioden 2014–2018, i prosent.....	42

Tabellar

Tabell 1: utvalde tal frå årsrekneskapane 2014–2018.	8
Tabell 2: resultat for styringsparametrar under delmål 1.	11
Tabell 3: utvalde nøkkeltal for regelverksforvaltning og kompetansetenestene.....	21
Tabell 4: resultat for styringsparametrar under delmål 2 for lønns- og rekneskapstenestene.	23
Tabell 5: utvalde nøkkeltal for lønns- og rekneskapstenestene.....	30
Tabell 6: resultat for styringsparametrar under delmål 2 for konsernsystema.....	31
Tabell 7: utvalde nøkkeltal for konsernsystema.	33
Tabell 8: resultat for styringsparametrar under delmål 3.	35
Tabell 9: einingskostnad for prosessane med størst volum.	36
Tabell 10: utvalde volumtal for lønns- og rekneskapstenestene.	37
Tabell 11: kva verksemder DFØ har interaksjon med, og kva type informasjon som blir utveksla...	44
Tabell 12: talet på tilsette i DFØ fordelt på kontorstader ved utgangen av året.	47
Tabell 13: utviklinga i talet på årsverk per avdeling i DFØ gjennom ein fireårsperiode.	47
Tabell 14: talet på tilsette fordelt på avdeling.....	47
Tabell 15: kjønnsfordeling blant tilsette og leiarar per 31. desember 2018.....	48
Tabell 16: alderssamansetjinga per 31. desember 2018.	49
Tabell 17: sjukefråvær i perioden 2015–2018.	49

Del 1: Fråsegn frå leiaren

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) har levert tenester, gjennomført oppdrag og i all hovudsak nådd dei måla Finansdepartementet sette i tildelingsbrevet for 2018.

Vi har levert stabile lønns- og rekneskapstenester med god kvalitet. Kundane blir stadig meir fornøgde med tenestene, og fleire ønskjer å utvide samarbeidet. Vi må levere brukarvennlige tenester for at DFØ framleis skal vere ein ettertrakta leverandør. I 2018 tok 14 nye verksemder i bruk tenestene

våre. Samtidig blei talet på fylkesmannsembete redusert med seks. Ved årsskiftet hadde vi 170 lønnskundar og 145 rekneskapskundar. Det svarer til 86 prosent av statsforvaltinga når det gjeld lønn og til 74 prosent når det gjeld rekneskap. I 2018 bestemte òg fleire store verksemder seg for å bruke DFØ som leverandør av økonomitenester. Statens vegvesen blir teke opp som lønnskunde hausten 2019, og dei fire store universiteta (Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø) blir kundar på både lønn og rekneskap frå 2021–22. Dette aukar potensialet for å hente ut stordriftsfordelar for staten, samtidig som vi gjennom eit tett samarbeid med kundane kjem til å styrkje arbeidet med å vidareutvikle tenestene.

Arbeidet med å digitalisere tenestene frå DFØ er eit av dei viktigaste satsingsområda for å redusere kostnader og auke kvaliteten på leveransane. DFØ har utvikla og teke i bruk robotteknologi for ei rekkje prosessar på områda lønn og rekneskap der heilmaskinell behandling ikkje er tenleg, og vi har lansert ein digital assistent for honorarmottakarar. I tillegg har vi utvikla ny funksjonalitet i DFØ-appen, som no blir brukt av 60 000 statstilsette. Vi har digitalisert prosessane for fleire typar bilag, og vi er i gang med å prøve ut biletlesingsteknologi for å tolke kvitteringar og fakturaer. For å gjere kompetansetenestene lettare tilgjengelege har vi utvida tilbodet av korte opplæringsvideoar på nett.

Forvaltning av økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen er ei av kjerneoppgåvene til DFØ. Ein stor del av ressursane våre på området blir brukt til å tolke regelverk, svare på førespurnader og levere kompetansetenester. Målet er at det skal vere tydeleg for brukarane kva krav som blir stilte, og kva som er god praksis for styring. Vi vurderer jamleg kva verkemiddel og tenester som gir størst effekt i forhold til ressursinnsatsen. DFØ får gode tilbakemeldingar om tenestetilbodet, men vi opplever samtidig eit behov for oppdatert rettleiingsmateriell og ei meir praksisnær tilnærming. I 2018 har vi særleg prioritert kompetansetenester som er knytte til utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomisk analyse.



DFØ har i 2018 gjennomført fleire viktige utviklingstiltak på forvaltingsområdet. Vi har utvida statsregnskapet.no med rekneskapsdata om nettobudsjetterte verksemder. Vidare har vi gjennomført ei djupneevaluering av utgreiingar for å løfte fram døme på kva som kjenneteiknar god kvalitet når det gjeld både innhald og prosess i dette arbeidet. Gjennom eit tett samarbeid på tvers av ulike avdelingar, og i nær dialog med departement og verksemder, har vi arbeidd med å auke nytta og redusere kostnadene ved bruk av dei statlege rekneskapsstandardane. Arbeidet har omfatta forenklingar og forbetringar både i regelverket, i kompetansenestene og i rekneskapsystemet. Målet er å gjere det lettare å få innsyn i kva staten bruker pengar på, i tillegg til å leggje til rette for auka bruk av rekneskapsinformasjon til analyseformål.

Bruk av teknologi har verknader for utviklingsarbeidet også på forvaltingsområdet. I 2018 har vi til dømes utvikla fleire e-læringskurs, og vi har greidd ut om det er mogleg å effektivisere tilskotsforvaltinga og digitalisere produksjon og deling av kunnskapsdokument.


DFØ skal vere ein pådrivar for samarbeid i staten. I 2018 har vi hatt eit godt samarbeid med andre verksemder, både på forvaltingsområdet og i utviklinga av økonomitenestene. Vi har mellom anna hatt fleire samarbeidsprosjekt med Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). I fellesskap har vi sett på styringsutfordringar for departementa i digitaliserings- og fornyingsarbeid, og vi har utarbeidd planar for samarbeid om kompetansetiltak på dette området. Vi har òg samarbeidd i eit prosjekt for å kaste lys over kva rolle departementa spelar i omstilling av offentleg sektor.

I 2018 har DFØ brukt mykje ressursar på informasjonstryggleik. Vi har arbeidd for å sikre at DFØ etterlever krava i den nye personopplysningslova og personvernforordninga, og vi har gjennomført ei rekkje tiltak for å sikre at vi vernar om personopplysningar i systema våre og i forvaltinga vår.

DFØ vurderer kontinuerleg nye måtar å effektivisere drifta på. Frigjorde ressursar har gått til å dekkje inn dei årlege avbyråkratiserings- og effektiviseringskutta og til å vidareutvikle og forbetre tenestene.

DFØ har gjennom fleire år med omstilling og effektivisering styrkt rolla som tenesteleverandør og ekspertorgan når det gjeld styring i staten. I takt med auka krav til effektivisering og utvikling av nye teknologi blir vi òg stilte overfor høgare krav og forventingar til dei tenestene vi leverer. Vi ønskjer å møte desse forventingane og ta i bruk dei nye måtane å gjere ting på som opnar seg, men samtidig må vi leggje vekt på kva som er den mest effektive løysinga for staten samla sett. I 2018 har vi utarbeidd ein ny strategi for dei neste tre åra der mellom anna desse perspektiva har vore viktige i arbeidet. Finansdepartementet har samtidig fastsett nye hovudmål for DFØ, og vi ser fram til å styrkje innsatsen for effektivisering i staten ved å tilby fleire digitale og brukarvennlege tenester og å gi tydelegare og meir relevante råd til forvaltinga om god styring.

Oslo, 13. mars 2019



Hilde Singsaas
direktør

Del 2: Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Samfunnsoppdraget til DFØ

DFØ er det statlege ekspertorganet for økonomi- og verksemdsstyring, og vi er leverandør av lønns- og rekneskapstenester til statlege verksemder. Direktoratet er eit bruttobudsjettert statleg forvaltingsorgan underlagt Finansdepartementet. Med utgangspunkt i utgreiingsinstruksen, reglement for økonomistyring i staten og føresegner om økonomistyring i staten skal DFØ leggje til rette for god styring og sørge for ei heilskapleg tilnærming på området. Visjonen til DFØ er «effektiv ressursbruk i staten».

Dei to overordna måla:

- tenlege fellesløysingar i staten
- god styring i statlege verksemder

I tildelingsbrevet frå Finansdepartementet har DFØ fått desse oppgåvene:

- forvalte utgreiingsinstruksen og økonomiregelverket i staten, medrekna å vurdere og eventuelt foreslå endringar for Finansdepartementet slik at regelverka er oppdaterte og relevante
- forvalte og formidle kunnskap om korleis verksemdene skal etterleve utgreiingsinstruksen og økonomiregelverket i staten
- gi statlege verksemder eit godt tilbod om kompetansebygging og erfaringsoverføring på ansvarsområdet til direktoratet
- forvalte konsernsystema for statsrekneskapen og den statlege konsernkontoordninga
- levere fellestenester på økonomiområdet som gir synergjar og stordriftsfordelar for staten
- vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløysingar opp mot behovet for spesialtilpassa løysingar for statlege enkeltverksemder eller grupper av verksemder
- gjennomføre analysar og utgreiingar som gir grunnlag for utvikling av statleg styring


DFØ har tett samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og andre statlege verksemder. DFØ har òg etablerte samhandlingsarenaer med kundane. DFØ deltek i nettverk med nordiske søsterverksemder om mellom anna styring, rekneskap, statleg betalingsformidling, statsrekneskapsforvaltning og lønns- og rekneskapstenester. Direktoratet har òg dialog med private aktørar og med eksterne fagmiljø i inn- og utland.

2.2 Organisasjon og leing

Ved utgangen av 2018 hadde DFØ totalt 456 tilsette fordelt på 389 årsverk. Direktoratet har kontorstader i Oslo, Stavanger og Trondheim.

Hilde Singsaas er direktør i DFØ. I leiargruppa sit avdelingsdirektørane Gøril Aune (rekneskapsavdelinga), Wibecke Høgsveen (forvaltings- og analyseavdelinga), Ruth Høyland Jønsrud (kommunikasjonseininga) og Bjørn Sæstad (lønnsavdelinga). Elisabeth Ramstad tok over som fungerande avdelingsdirektør for strategi- og fellestenesteavdelinga etter Rune Bjerkås 17. september 2018. Christian Storhaug Johnsen tok til i stillinga 28. januar 2019.

Figur 1: organisasjonskart for DFØ per 31. desember 2018.



2.3 Utvalde hovudtal

DFØ er eit bruttobudsjettert statleg forvaltingsorgan. Rekneskapen blir ført etter periodiseringsprinsippet i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane. Rapportering til statsrekneskapen skjer etter kontantprinsippet.

Tabell 1: utvalde tal frå årsrekneskapane 2014–2018.

Tal	2014	2015	2016	2017	2018
Årsverk ¹	336	346	351	377	389
Samla tildeling post 01–99, millionar kroner	401	373	419	530	556
Utnyttingsgrad post 01–29, prosent	97	96	97	98	97
Driftskostnader, millionar kroner	460	455	474	504	545
Del av driftskostnader som går til lønn, prosent	58	62	60	60	59
Lønnskostnader, i tusen kroner per årsverk ²	792	809	813	803	824
Del av driftskostnader som går til konsulentar, prosent	8,7	6,6	7,5	9,3	9,0

¹ Veksten i talet på tilsette kjem av opptak av nye kundar.

² Lønnskostnader omfattar lønn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, pensjonskostnader og andre ytingar, fråtrekt refusjonar frå Nav.

Del 3: Aktivitetar og resultat i 2018

Målet om at DFØ i 2018 skulle føre vidare innsatsen innanfor allereie etablerte tenesteområde med minst like gode resultat og like god kvalitet i 2018 som i tidlegare år, blei uttrykt gjennom desse tre delmåla:

1. Kompetanseoverføring frå DFØ representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse.
2. Fellestene til DFØ er korrekte og nyttige og kjem til rett tid.
3. Dei tenestene DFØ yter, gir synergjar og stordriftsfordelar.

Dei to første delmåla er knytte til kvaliteten på tenestene, mens det siste delmålet er ein samfunns effekt av tenestene våre.

DFØ fekk fem supplerande tildelingsbrev i 2018. Departementet gav i breva DFØ tilleggsoppdrag som dels vidarefører oppdrag gjennomførte i 2017, og dels er nye eller utdjuar oppdrag i tildelingsbrevet for 2018.

Det er knytt tre resultatkrav til delmål 1, ni resultatkrav til delmål 2 og fire resultatkrav til delmål 3. Alle desse krava blir vurderte som innfridde. Finansdepartementet gav vidare DFØ 12 oppdrag i tildelingsbrevet og gjennom supplerande tildelingsbrev. Tre av desse oppdraga har fått utsett frist. Dei ni andre oppdraga er utførte i samsvar med korleis dei er formulerte.

Sjå òg meir informasjon om aktivitetane våre i vedlegget «Forklaringsvariablar 2018».

3.1 Delmål 1: Kompetanseoverføring frå DFØ representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse

Finansdepartementet har delegert forvaltninga av økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen til DFØ. Det inneber at DFØ skal leggje fram forslag til utvikling og vedlikehald av regelverka for departementet, tolke regelverka, behandle førespurnader og søknader om unntak frå økonomiregelverket og utvikle og levere tilhøyrande kompetansetenester. Tilnærminga til DFØ byggjer på at eit tydeleg regelverk, kombinert med relevante og praksisnære kompetansetenester, vil medverke til at det overordna målet til DFØ om god styring i staten blir oppfylt.

For å få god resultatoppnåing på dette delmålet må kompetansetenestene og regelverksforvaltninga vurderast som minst like god av brukarane våre som tidlegare. I tillegg skal vi vidareføre innsatsen på tenesteområdet både ved å levere gode resultat på dei oppdraga departementet har gitt oss, og ved å gjennomføre relevante tiltak på eige initiativ. Vi har oppnådd gode resultat, og vi meiner at leveransane våre på området samsvarer godt med dei krava departementet stilte til DFØ i 2018. Oppnådde resultat og sentrale arbeid på området er nærmare omtalt nedanfor. Resultatoppnåinga på delmål 1 blir vurdert som god.

3.1.1 Regelverksforvaltning og kompetansenestene

Målet for kompetansenestene er at det skal vere tydeleg for departement og statlege verksemdar kva krav som blir stilt, og kva som er god praksis for statleg styring.

Vi leverer kompetansenester gjennom mellom anna kurs, nettverksmøte, seminar, konferansar og foredrag. Vi medverkar òg med kompetanseoverføring gjennom verksemdstilpassa workshops og kurs og gjennom presentasjonar, i tillegg til eit avgrensa omfang av rådgiving. Vi arbeider heile tida med å målrette kompetansetiltaka til ulike målgrupper, samtidig som vi tilpassar forma på tiltaka. Mellom anna satsar vi særskilt på å nå departement og leiarar med kompetansenestene våre.

For å oppnå ønskede effektar er det nødvendig å vidareutvikle kompetansenestene. Vi har dei siste åra skaffa oss betre innsikt, både gjennom kundeundersøkingar og gjennom kartleggingar av styringspraksisen i verksemdene. I 2017 evaluerte DFØ utviklinga av innhaldet i årsrapportane til verksemdene.³ Hovudkonklusjonen var at det framleis er eit forbettringspotensial, men at vi kan sjå ein trend mot fleire resultatvurderingar, eit meir einsarta innhald og større innslag av element som er med på å gi ein meir strategisk styringsdialog. I 2018 har vi undersøkt omtalen av effektiv ressursbruk i årsrapportane for 2017. Vi undersøkte samtidig verknaden av fellesføringa for 2017, som handla om digitalisering og effektivisering. Den foreløpige konklusjonen er at det er blitt meir informasjon om ressursbruk i årsrapportane, men at det framleis manglar ein del når det gjeld vurderingar av effektiv ressursbruk.

Tidlegare kartleggingar av tildelingsbrev og instruksar, saman med innsikt opparbeidd gjennom brukardialog, har vist at mange statlege verksemdar og departement har utfordringar når det gjeld den praktiske gjennomføringa av mål- og resultatstyring. Utfordringane kan knytast til ulike faktorar, til dømes rollefordelinga mellom departement og verksemd, utydelege/komplekse målformuleringar, forståinga av omgrep og den langsiktige planlegginga i styring. Vi har i lys av denne innsikta sett i gang arbeid med å utvikle nytt rettleiingsmateriale og vidareutvikle kompetansenestene. Kursevalueringar og brukardialog viser at deltakarar opplever dette som nyttig og klargjerande, men det er for tidleg å slå fast at arbeidet til DFØ har ført til utvikling på dette området. Det er derfor behov for å følgje opp med kartleggingar om to–tre år for å sjå om tiltaka har gitt den ønskede effekten.

Basert på innsikt om vurderingar frå brukarane si side og om den faktiske praktiseringa har vi utvikla kompetansenester som er meir oppgåveorienterte og tilgjengelege. Dei siste par åra har vi gjort kompetansenestene lettare tilgjengelege ved å tilby fleire e-læringskurs og enkle nettbaserte rettleiingstekstar. Vi strøymer òg styringskonferansen og nokre av seminara våre. I tråd med ønske og behov hos brukarane arbeider vi no for å gjere dei faglege budskapane endå meir praksisnære og relevante. Vi er òg i gang med å revidere og vidareutvikle det eksisterande rettleiingsmaterialet.

DFØ har arbeidd med fleire utviklingstiltak på forvaltingsområdet i 2018. Vi har mellom anna lansert to nye rettleiingar til utgreiingsinstruksen og for samfunnsøkonomiske analysar. Vi har gjennomført ein forenkla analyse av ulike digitale fellesløysingar som kan gi betre oversikt over tilskotsordningar og utbetalingar. Vi har òg vidareutvikla publiseringsløysinga for

³ DFØ-rapport 1/2018

statsrekneskapan med rekneskapsdata for nettobudsjetterte verksemder. Vidare har vi greidd ut korleis nye krav som gjeld statlege verksemder, kan takast inn i økonomiregelverket på ein god måte. I tillegg har vi inngått nye rammeavtalar om betalings- og kontohaldstenester for statlege verksemder.

DFØ har samarbeidd med Difi på fleire viktige område i 2018. Mellom anna har vi i fellesskap kartlagt og vurdert bruken av styre i staten, og vi har vore med i eit prosjekt om korleis årsverk i staten skal målast. Vi har òg utarbeidd planar for korleis vi skal medverke i kompetansetiltaka til kvarandre.

Eit anna viktig samarbeid er fellesprosjektet med Nasjonalbiblioteket og Service- og tryggingorganisasjonen til departementa, der vi greier ut om vi skal utvikle eit felles digitalt system for å samle og dele kunnskap i offentleg sektor.

Sjå omtale i kapittel 3.1.2–3.1.4 om oppdrag og utviklingstiltak på forvaltingsområdet.

DFØ har gjennomgåande god måloppnåing når det gjeld regelverksforvalting og tilhøyrande kompetansetenester.


Tabell 2: resultat for styringsparametrar under delmål 1.

Styringsparameter	Resultatkrav	Resultat
Korleis brukarane vurderer om DFØ medverkar til god styring i statlege verksemder	Minst som tidlegare år	Innfridd
Kor fornøgde brukarane er med DFØ sine kompetansetiltak på områda styring, utgreiingsarbeid og samfunnsøkonomisk analyse	Minst som tidlegare år	Innfridd
Kor fornøgde brukarane er med dei tenestene DFØ leverer på området regelverksforvalting	Minst som tidlegare år	Innfridd

Korleis brukarane vurderer om DFØ medverkar til god styring i statlege verksemdar

Som figuren viser, er brukarane like fornøgde i 2018 som dei var i 2017.

Figur 2: gjennomsnittleg skår frå brukarane av forvaltingstenestene på spørsmål om DFØ medverkar til god styring i staten.⁴



For å få eit betre grunnlag for å vurdere korleis vi medverkar til god styring, har vi gjennomført djupneintervju med statstilsette som arbeider med styring på ulike nivå i departement og verksemdar. I intervjuet kom det fram at den kompetansen som finst i DFØ, er godt likt og etterspurd.

Vi opplever at styringsfaglege miljø brukar tenester frå DFØ aktivt, men at bidraga våre i somme tilfelle òg blir opplevde som for teoretiske for dei som skal praktisere styring. Denne innsikta er viktig for oss, både med tanke på utviklinga av kompetansenestene og når vi arbeider for å medverke til utvikling av regelverket for å sikre relevans og gjere det tydeleg.


Brukarane har òg gitt tilbakemelding om at delar av rettleiingsmateriellet vårt ikkje er tilstrekkeleg oppdatert. Vi starta arbeidet med å revidere og vidareutvikle rettleiingsmateriellet i 2018 og kjem til å halde fram med dette arbeidet dei neste åra.

⁴ Det er nyanseforskjellar i spørsmålsstillinga for dei tre åra som gjer at det er nokre små variasjonar i respondentgruppene.

Kor fornøgde brukarane er med kompetansetiltak frå DFØ på områda styring, utgreiingsarbeid og samfunnsøkonomisk analyse

Leiarar og medarbeidararar i statsforvaltinga er jamt over godt fornøgde med kompetansetiltaka våre, som figuren nedanfor viser.

Figur 3: kor fornøgde brukarane er med kompetansetiltak frå DFØ.



Gjennomsnittleg skår er 4,6 på ein skala frå 1 til 6. Undersøkinga viser òg at den delen av respondentane som er fornøgde med avklaringar frå DFØ og/eller den hjelpa dei har fått til å tolke utgreiingsinstruksen, auka frå 73 prosent i 2017 til 93 prosent i 2018. Vi ser likevel at det er få brukarar, berre 6 prosent, som oppgir at dei har nytta tenestene som er knytte til utgreiingsinstruksen.


Intervju med brukarane stadfestar inntrykket frå den kvantitative undersøkinga. Kompetansetilbodet til DFØ blir samla sett aktivt nytta, og respondentane er særleg fornøgde med kursa. Brukarane gir òg gode tilbakemeldingar når det gjeld fagleg utbytte. På ein skala frå 1 til 5 gav deltakarane ein gjennomsnittsskår på 4,4.

Kor fornøgde brukarane er med tenestene frå DFØ på området regelverksforvalting

Brukarane av DFØ er godt fornøgde med tenestene våre innanfor regelverksforvaltinga. I kunde- og brukarundersøkinga oppgir 87 prosent at dei er fornøgde med dei tenestene DFØ yter på dette området. På ein skala frå 1 til 6 oppnår vi ein gjennomsnittleg skår på 4,7. Prosentdelen som svarer positivt på spørsmålet om dei er fornøgde, har halde seg på det høge nivået frå fjoråret (sjå figuren nedanfor). Det er òg nokre fleire brukarar som har nytta desse tenestene, så dette talet har auka frå 34 prosent i 2017 til 39 prosent i 2018.

Resultata frå undersøkinga blir stadfesta i intervju med brukarane. På alle fagområda er tilbakemeldingane at dei tilsette i DFØ jamt over har god kompetanse og er tilgjengelege for brukarane.

Figur 4: prosentdelen av brukarar som svarte positivt på spørsmålet om dei er fornøgde med tenestene frå DFØ som er knytte til forvaltinga av økonomiregelverket.



3.1.2 Enkeltoppdrag frå departementet

I 2018 fekk vi fire enkeltoppdrag på forvaltingsområdet. Etter avtale med departementet fekk oppdraget «Oppfølging av Arbeids- og sosialdepartementets veileder for styring av IKT» utsett frist. Dei andre oppdraga er gjennomførte og leverte i tråd med resultatkrava.

Årleg rapportering om forvaltning av økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen

«DFØ skal utarbeide årlige rapporter til departementet om egen forvaltning av henholdsvis økonomiregelverket og utredningsinstruksen. Rapportene skal også peke på eventuelle forhold av gjennomgående karakter som har kommet frem i Dokument 1 fra Riksrevisjonen for revisjonsåret 2016. Rapporten skal videre orientere om strategisk viktige enkeltoppgaver for DFØ innenfor begge regelverksområdene i 2018.»

Økonomiregelverket

DFØ utarbeider kvart år ein rapport om forvaltninga av økonomiregelverket. Formålet er å gi Finansdepartementet eit grunnlag for å vurdere forvaltninga vår. I tillegg gjer vi greie for enkelte andre tiltak og erfaringar gjennom året som er relevante for å vurdere regelverket og etterlevinga av det.

Talet på førespurnader var høgare i 2018 enn tidlegare år. Årsaka til auken kan vere at vi har lagt om rutine og innført eit nytt system. Vi har i 2018 behandla mange færre førespurnader om krav til lønn, innkjøp og inntekter, men fleire førespurnader som grensar mot andre regelverk. Fleire av førespurnadene førte òg til behov for nærmare vurdering av korleis ein skal forstå økonomiregelverket. Nokre av dei blir publiserte som tolkingsfråsegner eller innarbeidde i rettleiingsmateriell.

Vi har ikkje observert merknader i Dokument 1 frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2016 som indikerer at krava i økonomiregelverket ikkje er tydelege nok. Det er likevel nokre tema som gjentek seg i revisjonen gjennom fleire år. Det gjeld spesielt svake sider ved styringssystem for informasjonstryggleik.

Viktige prioriteringar for regelverksforvaltninga i 2018 har mellom anna vore å vidareutvikle rettleiingsmateriell om etats- og verksemdstyring. Vidare har DFØ førebudd forslag til endringar i dei krava økonomiregelverket stiller til transaksjonskontrollar og forenkling av dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Formålet med endringane er å leggje til rette for effektive arbeidsprosessar ved utbetalingar og å gjere standardane enklare å forstå og rekneskapsføring etter SRS mindre ressurskrevjande.

Utgreiingsinstruksen

DFØ har òg forvaltingsansvaret for instruksen om utgreiing av statlege tiltak (utgreiingsinstruksen). Forvaltingsansvaret inneber ei rekkje oppgåver som er knytte til kompetansebygging i statlege verksemdar, utviklingsarbeid og tolking av instruksen. Prinsipielle spørsmål blir avgjorde av Finansdepartementet. Den årlege rapporten skal gi Finansdepartementet eit grunnlag for å vurdere korleis vi forvaltar utgreiingsinstruksen.

I 2018 behandla DFØ til saman 29 førespurnader om utgreiingsinstruksen og om rundskrivet frå Finansdepartementet om samfunnsøkonomiske analysar. Det er like mange som året før. 21 førespurnader gjaldt korleis utgreiingsinstruksen skulle forståast og tolkast, mens dei resterande

åtte gjaldt tema i rundskrivet frå Finansdepartementet og i rettleiinga frå DFØ om samfunnsøkonomiske analysar. Ein førespurnad som gjaldt oppmodingsvedtak, blei definert som prinsipiell og drøfta med Finansdepartementet.

Vi har ikkje funne spesielle forhold som er knytte til utgreiingsinstruksen i Dokument 1.

Resultata frå dei årlege gjennomgangane blir brukte i utviklingsarbeidet i DFØ. Rapportane er tilgjengelege på nettsidene våre.

Greie ut korleis føresegnene om utgåande elektronisk faktura kan innarbeidast i økonomiregelverket for staten

«Statlige virksomheter som selger varer og tjenester til næringslivet, skal fra 1. januar 2019 tilby elektronisk faktura. Det kan vurderes om kravet kan fravikes dersom fakturavolumet er så lavt at kostnadene klart vil overstige nytteverdien. DFØ skal utrede nærmere hvordan en slik bestemmelse kan tas inn i økonomiregelverket for staten.»

Dette oppdraget følgjer av tidlegare tilrådingar frå Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og DFØ om å påleggje statlege verksemder elektronisk fakturering til næringslivet. Formålet er å auke bruken av elektroniske fakturaer og spare ressursar mellom anna ved produksjon og utsending av fakturaene. DFØ har i utgreiinga mellom anna foreslått at kravet for statlege verksemder om å tilby utgåande elektronisk faktura blir innarbeidd i føresegnene om økonomistyring i staten punkt 5.4.2.2. I tillegg har vi tilrådd at krav til mottak av elektronisk faktura som i dag blir omtalt i digitaliseringsrundskrivet, òg skal gå fram av økonomiføresegnene. Finansdepartementet fastsette 15. november 2018 eit nytt rundskriv om elektronisk faktura. Statlege verksemder som sel varer og tenester til kundar som ikkje er privatpersonar, skal tilby elektronisk faktura i godkjende standardformat. Kravet gjeld frå 1. januar 2019. DFØ vil i 2019 hjelpe rekneskapskundar som enno ikkje har teke i bruk tilgangen til å generere utgåande elektroniske fakturaer gjennom økonomisystemet.

Utarbeide forslag til regulering av verksemdsomgrepet i økonomiregelverket

«DFØ skal i 2018 bistå departementet i oppfølgingen av den interdepartementale arbeidsgruppen som har vurdert hvordan staten bør være registrert i enhetsregisteret. Det er blant annet aktuelt å be direktoratet utarbeide forslag til regulering av virksomhetsbegrepet i økonomiregelverket.»

Den interdepartementale arbeidsgruppa tilrår sju kriterium for kva som skal definere verksemdsomgrepet i staten. Eitt av kriteria dreier seg om delegert etatsstyring. I oppfølginga av dette har DFØ stått til teneste for Finansdepartementet i møte med fire departement som bruker eller har brukt opplegg med delegert etatsstyring. Formålet med møta var mellom anna å få informasjon om kva som er delegert, korleis delegeringa er gjennomført, og bakgrunnen for at etatsstyringsfunksjonen er blitt delegert til ei underliggjande verksemd. Departementet har følgd opp forslag frå DFØ frå dette arbeidet. Mellom anna skal verksemdsomgrepet i staten klargjerast i høyringsgrunnlaget for revisjonen av føresegner om økonomistyring i staten. Høyringa er planlagt gjennomført i første halvår 2019. DFØ vil framleis yte hjelp til departementet.

Prosjekt for presis måling av årsverk i staten

«SSB, DFØ og Difi skal gjennomføre et prosjekt som skal føre frem til en mer presis måling av årsverk i staten. Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil komme tilbake til virksomhetene med et mandat for arbeidet.»

Talet på timar og årsverk er den største innsatsfaktoren i store delar av statleg verksemd. For å vurdere om ressursbruken er effektiv, er det viktig å ha ein autoritativ definisjon av «utførte årsverk» som gjeld for alle statlege verksemd, uavhengig av kva system eller kva leverandør dei nyttar. Det er Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) som fastset ein slik definisjon. DFØ har som medlem i ei referansegruppe medverka med sin faglege kompetanse både som forvaltar av økonomiregelverket og som leverandør av lønnstenester til statlege verksemd. I dette arbeidet er det mellom anna greidd ut og drøfta om det er mogleg å lage tal for tilsette og årsverk i staten. Vi har òg arbeidd med å skildre årsverksrapportar i lønssystemet vårt. DFØ vil i 2019 komme med faglege innspel til KMD ved behov.

3.1.3 Tilleggsoppdrag til tildelingsbrevet

DFØ fekk i 2018 sju tilleggsoppdrag som er knytte til forvaltingsområdet. Etter avtale med departementet fekk oppdraga «Vurdering av sikkerhet og effektivitet i regelverk for statlige utbetalinger» og «Utredning av digitale fellesløsninger for tilskudd» utsett frist. Dei resterande oppdraga er gjennomførte og leverte i tråd med resultatkrava.

Utarbeide forslag til oppfølging av rettleiinga frå Arbeids- og sosialdepartementet for styring av IKT

Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet samordnar styringssignal som gjeld samarbeid mellom DFØ og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). I juni 2018 fekk vi eitt felles tilleggsoppdrag frå departementa:

«Arbeids- og sosialdepartementet arbeider med en veileder om styring av IKT. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Finansdepartementet ønsker et felles forslag fra DFØ og Difi om hvordan innholdet i veilederen blant annet kan tilpasses eller tas inn i prosjekter og kompetansetiltak som DFØ og Difi er i gang med.»

Utkastet frå Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) til rettleiing for styring av IKT er i hovudsak innretta mot kva rolle departementa spelar, kva ansvar dei har, og kva behov for kompetanse dei har for å kunne lykkast med digitalisering, fornying og endring. DFØ har i samarbeid med Difi, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Finansdepartementet medverka med faglege ekspertise i arbeidsgruppa frå ASD for rettleiinga.

I 2018 har DFØ og Difi i fellesskap sett på krav og forventningar frå omgivnadene og på felles styringsutfordringar, og har òg vurdert funn frå Digitaliseringsrådet. Direktoratata har på bakgrunn av dette utarbeidd forslag til korleis innhaldet i rettleiinga kan følgjast opp i eigne prosjekt og kompetansetiltak. Mellom anna skal DFØ delta i det arbeidet Difi gjer for å utvikle og gjennomføre kompetansetiltak for leiarar. Vidare skal Difi medverke med tilpassingar og erfaringar frå IKT- og digitaliseringsarbeid når DFØ utviklar rettleiingsmateriell om etatsstyring. Samarbeidet mellom verksemdene kjem til å halde fram i 2019.

Kontroll av depotforvaltinga i Utanriksdepartementet

«Finansdepartementet gir DFØ i oppdrag å kontrollere Utanriksdepartementets depotforvaltning. Kontrollen skal utføres en gang per fondspåfylling, og dokumenteres i eget brev som sendes til Verdensbanken.»

DFØ har i dialog med Utanriksdepartementet (UD) etablert ein rutine for korleis kontrollarbeidet for depotforvaltinga skal utførast. Kontrollane skal gi ei oversikt over aktive gjeldsbrev som er utferdta av UD til Verdsbanken, og som UD har i si forvaring. Kontrollen gjeld òg sikring av fysisk oppbevaring, rutinar og dokumentasjon. I 2018 gjennomførte vi kontrollar av aktive gjeldsbrev til Verdsbanken både ved International Development Association (IDA) og ved Global Environment Fund (GEF). Kontrollhandlingane er stadfesta i brev til Verdsbanken.

Tiltak for å auke nytta og redusere kostnadene ved bruk av dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

«DFØ har de siste to årene arbeidet med tiltak som kan øke nytten og redusere kostnadene ved bruk av SRS. Finansdepartementet mottok i desember 2017 forslag til flere tiltak, inkludert ulike kompetansetiltak. Departementet ber DFØ følge opp tiltakene og gjennomføre planlagte kompetansetiltak.»

DFØ har dei siste åra arbeidd med tiltak for å auke nytta og redusere kostnadene for verksemdene ved å bruke SRS. På bakgrunn av dette arbeidet har vi utvikla fleire ulike kompetansetiltak. Finansdepartementet løyvde midlar til å gjennomføre desse tiltaka i 2018. Siktemålet med tiltaka er å få fleire verksemdar til å gjere nødvendige tilpassingar for å auke nytta av å bruke SRS i styringa og å få fleire verksemdar til å vurdere å innføre SRS.

Vi har mellom anna laga ei dømesamling for utarbeiding av SRS-rekneskap og fleire rettleiingsnotat for økonomioppfølging, utarbeiding av opningsbalanse og periodisert verksemdsrekneskap etter SRS for bruttobudsjetterte verksemdar. Vi har halde presentasjonar på kundeforumet og rekneskapsdagen som DFØ arrangerer kvart år, og vi har hatt individuelle informasjonsmøte med fleire departement og verksemdar. Vidare har vi arrangert møteseriar og miniseminar for eit utval store verksemdar og etatsstyrarane deira for å diskutere og dele erfaringar om bruk av økonomiske data i styringa. Eit anna viktig tiltak er rettleiingsdømet til DFØ, «Hva koster det?», som gir brukarane inspirasjon til korleis dei kan få meir nytte av SRS i styringa. Tilbakemeldingane viser at miniseminar der deltakarane kan få fagleg påfyll, utveksle erfaringar og diskutere døme frå den verkelege verda, fungerer godt i arbeidet for å auke bruken og betre nytta av rekneskapsinformasjon.

I tillegg til kompetansetiltaka har vi på bakgrunn av høyringa frå Finansdepartementet foreslått forenklingar i fem av dei elleve statlege rekneskapsstandardane. Vi har òg forbetra og prøvd ut systemløysingane for rekneskapskundane innanfor fleire prosessområde, mellom anna anlegg, lønn, faktura og avstemming. Dei nye og forbetra løysingane blir i all hovudsak sette i produksjon i første kvartal 2019. Vidare har vi vurdert forbetringar i arbeidsdelinga mellom kundane og DFØ for å avlaste verksemdene. Ei ny arbeidsdeling vil bli vidare utgreidd og detaljert i 2019.

Dette arbeidet vil, saman med andre erfaringar og dokumentasjon, vere ein del av grunnlaget når DFØ skal utarbeide eit notat med råd og erfaringar til den fornya vurderinga av obligatorisk periodisering som Finansdepartementet kjem med i 2019.

Utgreiing om styrer i staten

«Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet gir DFØ og Difi i oppdrag å gjennomføre en kartlegging og vurdering av bruk av styrer for forvaltningsorganer i staten.»

Rettleiinga «Bruk av styrer i staten»⁵ slår fast at det som hovudregel ikkje bør vere styre for forvaltningsorgan. Av ulike grunnar er det likevel fleire statlege verksemder som har styre. DFØ og Difi har i fellesskap kartlagt at det finst 23 forvaltningsorgan som har styre. Desse verksemdene er svært ulike både med omsyn til storleik og når det gjeld samansetjing av oppgåver. Kartlegginga viser at det er stor variasjon både i grunngevinga for å ha styre og når det gjeld kva roller, oppgåver og mynde som er lagt til styra. Det er ikkje grunnlag for å seie at rettleiinga er årsak til denne variasjonen. Samtidig ser direktorata at ei utvida rettleiing kan gjere det tydelegare kva som er rolla til styret. Ein kan mellom anna vurdere å utarbeide tillegg for signering av årsrapport, tilsetjing av verksemdsleiar, delegering av lønnsfullmakt og kompetansetiltak for styret.

Oppfølging av regelendringar som gjeld regulering av mellomværet

«DFØ vil få oppgaver knyttet til oppfølging og gjennomføring av regelendringar etter fullført høringsrunde om regulering av mellomværendet mellom staten og virksomhetene.»

Dette oppdraget er ei vidareføring av tidlegare tilrådingar frå DFØ til Finansdepartementet om regulering av mellomværet med statskassa og om korleis refusjonar skal behandlast rekneskapsmessig. Tilrådingane danna grunnlag for departementet si høyring i 2017 om mellom anna forskotsinnbetalingar, omtale i regelverket og unntak som er baserte på stortingsvedtak. I 2018 har vi vurdert høyringssvara i samarbeid med departementet. Vi har utforma forslag til endringar i føresegnene om økonomistyring i staten og i tilhøyrande rundskriv R-101 *Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet*. Endringane får konsekvensar for statsbudsjettet, rapporteringa til statsrekneskapen og årsrekneskapen. DFØ tilrår ein tilpassingsperiode fram til 1. januar 2020 før dei nye krava trer i kraft. Høyringa omfatta òg forslag om å endre metoden for føring av pensjonspremie gjennom året for ein del verksemder. DFØ vil følgje opp desse endringsforslaga og oppdatere aktuelle rundskriv i samarbeid med Finansdepartementet i 2019.

Vurdering av tryggleik og effektivitet i regelverk for statlege utbetalingar

«DFØ skal utrede sikkerhet og effektivitet i dagens regelverk for statlege utbetalingar, og foreslå eventuelle endringar, herunder i autorisasjonskravet som gjelder ved utbetalingar.»

Departement og underliggjande verksemder har i ein del samanhengar gitt uttrykk for at krava i økonomiregelverket til statlege utbetalingar er for strenge, og at dei ikkje legg til rette for effektive løysingar. Utgreiinga frå DFØ viser at krava til utbetalingar i føresegnene i hovudsak har ei god innretning, med ei rimeleg avveging mellom omsynet til tryggleik og omsynet til effektivitet. På visse område kan det likevel vere tenleg å klargjere innhaldet og forbetre økonomiregelverket for å

⁵ Rettleiing gitt ut i 2006 av dåverande Fornyings- og administrasjonsdepartementet, no Kommunal- og moderniseringsdepartementet

kunne leggje til rette for effektive utbetalingsprosessar. Utgreiinga vil bli følgd opp i den kommande høyringa med forslag til endringar i økonomiregelverket.

Utgreiing av digitale fellesløysingar for tilskot

«DFØ skal utrede ulike alternativ for digitale fellesløysingar på tilskuddsområdet i staten. Arbeidet skal gjennomføres på grunnlag av en fagdialog med Finansdepartementet, og det skal resultere i et forslag til vidare arbeid som oversendes departementet.»

Årleg betaler staten ut om lag ein tredjedel av statsbudsjettet som tilskot til kommunar, fylkeskommunar og private. I dag finst det ca. 600 tilskotsordningar, i tillegg til mange enkeltstående tilskot. Det er ressurskrevjande for departement og statlege verksemder å forvalte eit stort og komplekst tilskotsområde, og det er òg vanskeleg å få oversikt over det samla omfanget. Det er derfor behov for å greie ut om det er mogleg å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltninga ved hjelp av digitale fellesløysingar.

DFØ har gjennom ein forenkla analyse vurdert fleire ulike løysingar og forslag til vidare arbeid for å få betre oversikt over tilskotsordningar og utbetalingar. Etter ei samla vurdering av forslaga til løysing tilrår vi i første omgang at ein arbeider vidare med eit prosjekt for å etablere eit digitalt tilskotsregister og opprette ei nettside med utfyllande informasjon om ordningane. Vidare tilrår vi å undersøkje behov og om det er mogleg å tilby eit digitalt søknadsbehandlingsssystem. I samråd med Finansdepartementet og Kulturdepartementet har DFØ søkt om finansiering gjennom medfinansieringsordninga til Difi for å kunne arbeide vidare med eit prosjekt for digital oversikt over tilskotsordningar.

3.1.4 Andre utviklingstiltak på forvaltingsområdet

Utviklingstiltaka frå DFØ på forvaltingsområdet er i hovudsak retta inn mot å følgje opp dei enkeltoppdraga som er gitt i tildelingsbrevet og i dei supplerande tildelingsbrev. I 2018 har vi dessutan arbeidd med desse utviklingstiltaka:

Kunnskapsdokument i offentleg sektor (KUDOS)

DFØ har gjennomført eit forprosjekt om framtidig formål og funksjon for Evalueringsportalen. I dette arbeidet har vi særleg sett på moglege gevinstar ved samarbeid og bruk av nye teknologiske løysingar. På bakgrunn av resultatata oppretta DFØ i 2018 eit prosjekt saman med Nasjonalbiblioteket og Service- og tryggingorganisasjonen til departementa (DSS). Saman skal vi greie ut om vi skal utvikle eit felles digitalt system for å samle og dele kunnskap i offentleg sektor. Siktemålet med arbeidet er å effektivisere heile kunnskapsprosessen, frå produksjon og arkivering til deling og bruk av kunnskapsdokument. Målet er auka effektivitet i alle ledd og betre kvalitet i kunnskapsbasert styring i staten. Prosjektet har fått tildelt 1,5 millionar kroner gjennom Stimulab-ordninga til Difi. DFØ har i samarbeid med Nasjonalbiblioteket og DSS òg søkt om finansiering gjennom medfinansieringsordninga til Difi til det vidare arbeidet med prosjektet. Arbeidet tok til i fjerde kvartal 2018 og vil strekkje seg til andre kvartal 2019.

Djupneevalueringar av utgreiingar

I 2018 gjennomførte vi djupneevalueringar av to ulike utgreiingar av statlege tiltak. Siktemålet var å kaste lys over god praksis og løfte fram konkrete døme på korleis ein kan utforme og

gjennomføre gode utgreiingar som gir grunnlag for gode avgjerder. Djupneevalueringane viser at dei utvalde utgreiingane gir nyttig avgjerdsgrunnlag som er blitt følgt opp av prosjekteigarane. Samtidig ser vi at kvaliteten på utgreiingsarbeidet blir påverka av faktorar som til dømes organisatoriske forhold og kontekst. Resultata vil bli brukte til å utdjupe og supplere dei kompetansenestene DFØ yter.

Den rolla departementa spelar i omstilling av offentleg sektor

DFØ og Difi starta i 2018 eit prosjektsamarbeid for å gi ut ein felles rapport om kva rolle departementa spelar i omstilling av offentleg sektor. Siktemålet er å kaste lys over korleis departementa bør utøve og ta vare på denne rolla. Ved å samarbeide om dette prosjektet har DFØ og Difi fått høve til å sjå dei respektive fagområda til dei to verksemdene i samanheng. Hovudfunna frå arbeidet blei presentert på Forvaltingskonferansen i 2018. Rapporten blir ferdigstilt i 2019.

3.1.5 Ressursbruk for regelverksforvalting og kompetansenestene

Tabellen nedanfor viser ressursbruk for regelverksforvalting og kompetansenestene.

Driftskostnadene auka i 2018. Årsaka er i hovudsak bruk av konsulent til oppgåvene djupneevaluering av utgreiingar, utgreiing av løysing for digitale tilskot, konseptutgreiing av evalueringsportal og utgreiing av digital samling og deling. Samtidig gjekk lønnskostnadene ned på grunn av fleire vakansar. Dette forklarar at ein lågare del enn normalt av driftskostnadene gjekk til lønn i 2018, og det forklarar òg den høge prosentdelen som gjekk til konsulentar i 2018.

Lønnskostnad per årsverk auka utover lønnsveksten i staten. Hovudårsaka er at kostnader for ikkje avvikla ferie frå 2018 er bokførte på tenesta der den tilsette arbeider. Tidlegare blei dette bokført sentralt.

Regelverksforvaltinga har, saman med konsernsystem, den høgaste årsverkskostnaden i DFØ. Eigenarten til tenesteområdet krev at dette området har medarbeidarar med lengre erfaring og høgare kompetanse enn dei andre tenesteområda i DFØ.

Tabell 3: utvalde nøkkeltal for regelverksforvalting og kompetansenestene.⁶

Nøkkeltal	2016	2017	2018
Årsverk	32	33	30
Driftskostnader, i tusen kroner	35 311	35 780	41 521
Del av driftskostnader som gjekk til lønn	90 %	89 %	76 %
Del av driftskostnader som gjekk til konsulentar	5 %	3 %	9 %
Reisekostnad per årsverk, i tusen kroner	9	10	9
Lønnskostnad per årsverk, i tusen kroner	994	979	1 056
Driftskostnader per årsverk, i tusen kroner	1 105	1 095	1 387

⁶ Administrasjon av avdelinga er, av praktiske grunnar, heilt og fullt teke med i kostnader til regelverksforvalting og kompetansenester.

3.2 Delmål 2: Dei fellestenestene DFØ yter, er korrekte og nyttige og kjem til rett tid

DFØ leverer fellestenester på områda lønn og rekneskap. Systemløysingane våre sikrar at krava i statlege regelverk blir etterlevde. På begge tenesteområda kan kundane velje mellom ein modell der DFØ utfører mange av oppgåvene (fullservice), eller ein modell der dei sjølve tek ansvar for fleire av oppgåvene (delservice eller basis). Departementsfellesskapet, Domstolsadministrasjonen og politietaten har ein utvida fullservicemodell der DFØ gjer ein større del av oppgåvene enn i den ordinære fullservicemodellen.

DFØ forvaltar og vidareutviklar òg dei obligatoriske ordningane for statsrekneskapen og statleg betalingsformidling, medrekna den statlege konsernkontoordninga. Vi samanstillar, behandlar, kontrollerer og rapporterer oppdaterte rekneskapstal for løyving- og kapitalrekneskapen. Vi inngår og forvaltar rammeavtalar med private bankar om betalings- og kontohaldstenester for statlege verksemder, og vi forvaltar konsernkontostrukturen i Noregs Bank.

Som det går fram nedanfor, har vi oppfylt målet om at fellestenestene er korrekte og kjem til rett tid, og vi arbeider kontinuerleg for å utvikle meir brukarvennlege og effektive tenester. Ved å bruke metodikk for tenestedesign blir kundane involverte i alle fasane av tenesteutviklinga. Denne arbeidsforma har medverka både til å møte behov hos kundane på ein betre måte og til å betre dialogen med kundane.

3.2.1 Lønns- og rekneskapstenestene

På lønnsområdet tilbyr vi tenester innanfor mellom anna lønnskøyting, reiserekningar, tidssystem, offentleg rapportering og refusjonshandtering. Mange av tenestene er baserte på sjølvbeteningsløysingar. På rekneskapsområdet tek vi imot fakturaer, handterer utbetalingar og leverer tenester knytte til periodeavslutning, innkjøp, prosjektoppfølgning og økonomioppfølgning. I tillegg tilbyr vi eit konkurransegjennomføringsverktøy. På begge områda gjennomfører DFØ oppgradering av systema på vegner av statlege verksemder.

For at kundane skal få best mogleg utbytte av tenestene våre, held vi ei rad praktiske kurs i bruken av løysingane. Vi tilbyr òg tilpassa opplæringsløp for nye kundar og fleire korte opplæringsvideoar som er tilgjengelege på nettsidene våre.

I 2018 gjennomførte vi fleire utviklingstiltak for å utnytte teknologi, forenkla tenestene og gi betre brukarstøtte. Vi har skaffa til vegar eit felles statleg turnussystem og vidareutvikla og forbetra verktøya for styringsinformasjon. Vidare har vi ved å innføre ein ny standardisert økonomimodell auka kvaliteten og lagt til rette for nye tenestetilbod på rekneskapsområdet. Sjå nærmare omtale av utviklingstiltaka våre i kapittel 3.2.2, «Utviklingstiltak for lønns- og rekneskapstenestene».

Finansdepartementet stiller krav om at dei lønns- og rekneskapstenestene DFØ yter, skal ha høg kvalitet og gjere kundane fornøgde. Samtidig skal vi vege omsynet til stordriftsfordelar opp mot behov for tilpassingar hos kundane. I desse avvegingane legg vi vekt på kva som er den mest effektive løysinga for staten samla sett. Kundane skal òg kunne supplere tenestene våre med tenester frå andre der dei har behov for det.

DFØ har gjennomgåande god måloppnåing i forhold til resultatkrava.

Tabell 4: resultat for styringsparametrar under delmål 2 for lønns- og rekneskapstenestene.

Styringsparameter	Resultatkrav	Resultat
Rett lønn til rett tid	100 prosent	100 prosent
Korrekt innrapportert rekneskap frå DFØ-kundane til statsrekneskapen innan fristen	100 prosent	100 prosent
DFØ er føretrekt leverandør av lønns- og rekneskapstenester	Potensielle kundar vel DFØ. Ingen oppseiingar	Innfridd
Kor fornøgde kundane er med dei kurstilboda DFØ gir innanfor økonomitenestene	Minst som tidlegare år	Innfridd
Prosentdel av respondentar som meiner at lønnsstenestene til DFØ er nyttige	Minst som tidlegare år	Innfridd
Prosentdel av respondentar som meiner at rekneskapstenestene til DFØ er nyttige	Minst som tidlegare år	Innfridd
Prosentdel av respondentar som er fornøgde med tilbodet frå DFØ av rapportar om styringsinformasjon	Minst som tidlegare år	Innfridd

Rett lønn til rett tid

Det er blitt utbetalt rett lønn innan fristen i hundre prosent av tilfella gjennom heile året. Resultatkravet er dermed oppfylt.

Korrekt innrapportert rekneskap frå DFØ-kundane til statsrekneskapen innan fristen

Innrapporteringar til statsrekneskapen har lege på hundre prosent gjennom heile året. Resultatkravet er dermed oppfylt.


DFØ er føretrekt leverandør av lønns- og rekneskapstenester

DFØ tok opp ni nye kundar på lønn og 13 nye kundar på rekneskap i 2018. Det var ingen kundar som gjekk ut av avtalen.

Vi erfarer at nye kundar vel DFØ på grunnlag av grundige vurderingar. Statens vegvesen samanlikna tenesteleveransane frå DFØ med fleire alternativ før dei tok avgjerda om å bli kunde. Dei fire store universiteta i BOTT-samarbeidet (Bergen, Oslo, Trondheim, Tromsø) valde òg DFØ som leverandør av økonomitenester etter ei grundig vurdering.

Den høge og jamt aukande marknadsdelen viser at vi er ein føretrekt leverandør av lønns- og rekneskapstenester i staten. Kundane gir uttrykk for at dei er blitt stadig meir fornøgde gjennom dei siste åra, med unntak av ein liten nedgang i 2015. Nedgangen var venta og er knytt til omstillinga av lønns- og rekneskapstenestene i DFØ i 2014.

Figur 5: utviklinga i kor fornøgdde kundane er med lønns- og rekneskapstenestene på ein skala frå 1 til 6 i perioden 2014–2018.⁷



Kor fornøgdde kundane er med dei kurstilboda DFØ gir innanfor økonomitenestene

Kundane gir oss gjennomgåande gode tilbakemeldingar på kurs innanfor økonomiområdet. På ein skala frå 1 til 5 oppnår vi ein gjennomsnittleg skår på 4,3 for fagleg nytte av kursa. Vi utviklar kurstilbodet på grunnlag av etterspørsel frå kundane, førespurnader til kundesentera og våre eigne faglege vurderingar. I tillegg til ordinære kurs leverer vi òg eit tilpassa opplæringsløp for nye kundar, og vi har laga korte opplæringsfilmar som er tilgjengelege på nettsidene våre og på YouTube.

I 2018 produserte vi sju nye opplæringsvideoar for brukarar av lønns- og rekneskapstenestene. Videoane er publiserte på nettsidene våre og hadde 3130 avspelingar totalt. Vi har fått gode tilbakemeldingar på dette opplæringstiltaket.

I 2018 gjennomførte DFØ ei fokusgruppeundersøking for lønns- og rekneskapskundar. Undersøkinga stadfestar at kundane er godt fornøgdde med det kurs- og opplæringstilbodet DFØ gir. Kurs er den føretrekte opplæringsforma. Kundane er òg svært fornøgdde med kundeforumet til DFØ. Kundeforumet er eit stort arrangement der vi tilbyr ei rekkje minikurs i tillegg til generelle foredrag. Kundane meiner at arrangementet har gode forelesarar og er lærerikt og praksisnært. Dei set òg pris på å møte tilsette i DFØ og diskutere problemstillingar direkte.

Når det gjeld forbetningsområde, ønskjer kundane kurs som er meir tilpassa målgruppene, og fleire korte kurs med utvalde tema, framfor lengre og meir generelle kurs. Nye kundar uttrykkjer òg eit behov for meir og betre opplæring. DFØ vurderer heile tida kurstilbodet sitt.

⁷ Spørjeskjemaet blei endra i 2017, og det er ein nyanseforskjell i spørjinga før og etter 2017.

Resultata frå kunde- og brukarundersøkinga viser at kundane vurderer det kurstilbodet DFØ har på lønns- og rekneskapsområdet, på same nivå som året før. Vi oppnår ein gjennomsnittleg skår på 4,2 på rekneskapsområdet og ein skår på 4,1 på lønnsområdet.


Prosentdel av respondentar som meiner at lønns- og rekneskapstenestene til DFØ er nyttige

Resultata frå kunde- og brukarundersøkinga viser at eit stort fleirtal av kundane opplever lønns- og rekneskapstenestene til DFØ som nyttige. På ein skala frå 1 til 6 svarer 88 prosent at dei opplever lønnsstenestene som nyttige. 85 prosent svarer at dei opplever rekneskapstenestene til DFØ som nyttige. Det er det same nivået som i 2017.

Kundane gav ein gjennomsnittleg skår på 4,8 både på lønnsstenestene og på rekneskapstenestene. Blant dei som svarte, er det ein litt større prosentdel av leiarar som har svart at dei opplever DFØ sine økonomitjenester som nyttige, enn gjennomsnittet. Vi ser ein auke i opplevd nytte både på lønnsområdet og på rekneskapsområdet gjennom ein treårsperiode.

Den største opplevde nytteverdien er at DFØ leverer pålitelege system som fungerer godt i kvardagen, og at vi sørgjer for at statlege regelverk blir følgde. For at kundane i endå større grad skal oppleve at det er nyttig for dei å vende seg til DFØ, har vi betra rutineane med å registrere relevant informasjon i kundehandteringssystemet. Vi har òg sett i gang eit arbeid med å få på plass automatisk oppslag i systemet når kundane ringjer, slik at dei ikkje treng å bruke tid på å forklare kven dei er. I tillegg har alle tilsette på kundesentera gjennomført kurs i samtaleteknikk.


Figur 6: utviklinga av korleis brukarane opplevde nytta av lønns- og rekneskapstenester.



Prosentdel av respondentar som er fornøgde med tilbodet frå DFØ av rapportar om styringsinformasjon

Om lag 60 prosent av kundane er fornøgde med rekneskapsrapportane frå DFØ som gir styringsinformasjon. Rekneskapskundane gir ein gjennomsnittleg skår på 4,3 i 2018. 53 prosent av lønnskundane er fornøgde med rapportane. På dette området oppnår vi ein gjennomsnittleg skår på 4. Resultata viser ein signifikant auke over tre år.

Figur 7: kor fornøgde brukarane er med tilbodet frå DFØ av rapportar som gir styringsinformasjon.



DFØ har dei siste åra utvikla økonomistyringssystemet Økonomiinfo og gjort det tilgjengeleg for stadig fleire rekneskapskundar. Etter ønske frå lønnskundane har vi i 2018 utvikla ein ny rapport for sjukefråværsstatistikk. Sjølv om kundane blir stadig meir fornøgde med rapportane, bør skårane òg lesast som eit uttrykk for at tenestene bør utviklast vidare. Vi har greidd ut om det er mogleg med ei heilt ny rapportløysing på lønnsområdet. Sjå òg omtale i kapittel 3.2.2 under overskriftene «Vidareutvikling av Økonomiinfo» og «Utgreiing om ny rapportløysing for lønnskundane».

3.2.2 Utviklingstiltak for lønns- og rekneskapstenestene

DFØ prioriterer utviklingstiltak innanfor lønns- og rekneskapsområdet med utgangspunkt i hovudmåla som gjeld for 2018: «tenlege fellesløysingar i staten» og «god styring i statlege verksemder». Vi fordeler dermed tiltaka i to hovudkategoriar:

- Utnytte teknologi for å vidareutvikle dei lønns- og rekneskapstenestene DFØ yter overfor statlege verksemder, særleg for å få brukarvennlege sjølvbeteningsløysingar, automatisere datafangst og effektivisere prosessar for behandling av data.
- Medverke til betre styring i staten ved å leggje til rette for best mogleg utnytting av tilgjengeleg styringsinformasjon for kvar enkelt verksemd og for staten som heilskap.

Tiltaka skal gi eit tilstrekkeleg solid og tidsrett tenestetilbod innanfor dei ulike tenesteområda, i samsvar med dei måla vi har i dag. Tiltaka skal òg medverke til auka bruk av elektronisk samhandling, effektiv datafangst og reduksjon av manuelle arbeidsprosessar.

Felles statleg turnussystem

I samråd med fem av dei største lønnskundane våre har vi skaffa til vegar eit felles statleg turnussystem. Turnussystemet dekkjer både dei operative behova for ressursstyring og -oppfølging hos verksemdene, og dei tekniske behova DFØ har for overføring av korrekt datagrunnlag for lønnsutbetaling og offentleg rapportering. Hausten 2018 tok Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufetat) løysinga i bruk som første pilotkunde. Vi har planar om å tilby løysinga til dei resterande kundane i 2019.

Nettlesarportal for honorarmottakarar – Betalmeg

Om lag 100 000 honorarmottakarar har tilgang til appen frå DFØ og ei eiga sjølvbeteningsløysing, der dei kan sende inn reiserekningar, utgiftsrefusjonar og honorarskjema. Sommaren 2018 erstatta vi den tidlegare sjølvbeteningsløysinga med ein ny nettlesarportal for denne gruppa – Betalmeg. Den nye sjølvbeteningsløysinga er meir brukarvennleg og effektiv for brukarane. Vi har òg utvikla ein eigen spesialtilpassa versjon som tek omsyn til dei særskilde krava til tryggleik som politiet har. Frå oktober 2018 blei det dessutan mogleg å endre språk til engelsk.

Vidareutvikling av DFØ-appen

Appen frå DFØ tilbyr funksjonalitet frå lønssystemet vårt på mobiltelefon. Appen blir jamleg forbetra og utvida med ny funksjonalitet. I 2018 utvikla vi funksjonalitet for aktivitetsregistrering for tilsette, og vi starta eit prøveprosjekt for avløysargodtgjersle for leiarar. I tillegg kan honorarmottakarar no velje ein engelskspråkleg versjon som òg tilbyr brukarretteiingar.

Bruk av kunstig intelligens – digital assistent

DFØ har teke i bruk kunstig intelligens for å automatisere brukarstøtta i kundesentera våre. På lønnsområdet har vi automatisert førespurnader frå honorarmottakarar som bruker den nye nettlesarportalen Betalmeg. Den digitale assistenten blei lansert sommaren 2018 og har ved utgangen av året handtert meir enn 5000 spørsmål og over 2500 samtalar. Assistenten svarer på om lag 90 prosent av alle spørsmåla. Han blir nytta utanfor opningstida til kundesentera og inneber at sluttbrukarane no har 24 timars brukarstøtte. Vi erfarer at kundane er godt fornøgde med at kundesentera no er meir tilgjengelege. Standardiserte spørsmål og svar på engelsk er under arbeid og kjem til å bli lansert i 2019. Vi har òg kartlagt tema og greidd ut ulike løysingar for å prøve ut ein digital assistent for fagbrukarar på rekneskapsområdet. Vi har planlagt å prøve dette ut i første halvår 2019.

Bruk av robotisert prosessautomatisering

Mange av dei manuelle prosessane på lønns- og rekneskapsområdet høver godt for robotisert prosessautomatisering. I 2018 tok vi i bruk robotteknologi for 13 prosessar (ni på rekneskapsområdet og fire på lønnsområdet). Dei robotiserte prosessane er dels oppgåver som vi allereie utfører for kundane, dels oppgåver som kundane tidlegare har utført sjølve. Bruk av den nye teknologien har mellom anna ført til redusert ressursbruk og auka kvalitet både for kundane og for DFØ. Vi er òg i gang med å utvikle og teste automatiserte prosessar for innlesing av fullmaktsark og avstemming av mappa for kundar som fører SRS-rekneskap. Desse robotane blir sette i produksjon i 2019.

Bruk av biletlesingsteknologi

DFØ har starta eit arbeid for å ta i bruk biletlesingsteknologi for å lese kvitteringar og tolke papirfakturaer. Den nye teknologien gjer det mogleg med ytterlegare automatisering, mellom anna av attestasjonskontrollen av reiserekningar. Ved å nytte denne teknologien blir ein vesentleg større del av reiserekningane godkjende automatisk, noko som reduserer ressursbruken for kunden.

Nytt innkjøps- og fakturasystem

DFØ inngjekk i 2017 avtale om å kjøpe eit nytt innkjøps- og fakturasystem som skulle dekkje eit samla behov hos kundane. Fordi systemet ikkje kunne takast i bruk, er det vedteke å gjennomføre ein ny innkjøpsprosess i 2019, med sikte på å inngå kontrakt i tredje kvartal.

Nav innkrevjing – overføring av utbetalingsoppgåver til DFØ

I samband med at Nav innkrevjing (Navi) blei innlemma i Skatteetaten 1. april i år, blei oppgåva med å utbetale barne- og ektefellebidrag overført til DFØ. Det inneber ein årleg auke på opptil 1,7 millionar fleire utbetalingar gjennom systema våre. På enkeltdagar kan det vere opptil 70 000 fleire utbetalingar. Utbetalingsregisteret inneheld 470 000 personar og institusjonar i inn- og utland. Skatteetaten har definert leveransen som samfunnskritisk. DFØ har utvikla og tilpassa systema for å kunne ta hand om den nye oppgåva.

Vidareutvikling av Økonomiinfo

Økonomistyringsverktøyet Økonomiinfo gjer styringsinformasjon frå rekneskapen tilgjengeleg på ein enkel og intuitiv måte. I 2018 utvikla vi ein ny versjon der vi mellom anna har gjort det enklare for brukarane å gjere analysar. Den nye versjonen erstattar den tidlegare løysinga for departementskundane. Vi har utvikla rettleiingsmaterieil og halde kurs for å motivere kundane til å bruke verktøyet meir. Ved utgangen av året hadde 110 verksemder teke verktøyet i bruk.

Digital løysing for endringar i arbeidsforholdet

DFØ arbeider kontinuerleg for å hjelpe kundane med å effektivisere interne rutinar. I 2018 starta vi mellom anna arbeidet med å utvikle digitale løysingar i lønssystemet som handterer endringar i arbeidsforhold. Som ein del av dette har vi utvida DFØ-appen med funksjonalitet for avløysargodtgjerse for leiarar. Løysinga blir no prøvd ut, og planen er å lansere henne i første kvartal 2019. Vi vil òg levere tilsvarende løysingar for endring og flytting av stillingar.

Digitalisering av rekneskapsbilag

På rekneskapsområdet har vi i 2018 digitalisert fleire typar av rekneskapsbilag. Løysinga gjer at både kundane og DFØ sparar tid, og at risikoen for feil blir redusert. Løysinga sikrar òg at bilaga blir sende til korrekt mottakar. Arbeidet skal halde fram i 2019.

Ny standard økonomimodell for rekneskapskundane

DFØ har innført ein ny felles standard økonomimodell/konteringsstreng som gjeld for alle kundane våre. Modellen tek omsyn til at kundane er ulike, samtidig som han dannar grunnlag for å utvikle eit standardisert tenestetilbod innanfor økonomistyring. Modellen gir òg auka kvalitet og legg betre til rette for nye tenestetilbod. I 2018 har vi arbeidd for å konvertere økonomimodellen hos dei eksisterande kundane våre. Planen er å ferdigstille dette arbeidet i 2019.

Utgreiing om ny rapportløysing for lønnskundane

I 2018 har vi greidd ut om det er mogleg å modernisere rapporttilbodet på lønnsområdet for å gi kundane ein enklare tilgang til styringsinformasjon. Vi har mellom anna kartlagt behov hos brukarane og vurdert rapportløysingar som finst på marknaden. Ei enklare løysing som er intuitiv og fleksibel, vil frigjere tid både hos kundane og hos DFØ og gjere presentasjonen av data betre. Planen er å levere ein første versjon av ny rapportløysing sommaren 2019. DFØ har søkt om midlar frå medfinansieringsordninga frå Difi til det vidare utviklingsarbeidet.

Nytt betalingsformat og sikringsløysing

I dei fellesstatlege bankrammeavtalane blir det frå 1. januar 2019 stilt nye krav til format og sikring av utbetalingsfiler frå lønssystemet. DFØ skaffa i 2018 til vegar ei skyløysing som tilfredsstillar dei nye krava. Eitt felles filformat på alle inn- og utbetalingar og felles sikringsløysing gir òg auka kvalitet og effektivitet. Løysinga blir teken i bruk i første halvår 2019.

3.2.3 Ressursbruk for lønns- og rekneskapstenestene

DFØ brukte i underkant av 360 millionar kroner på lønns- og rekneskapstenestene i 2018. Det er ein auke på ti prosent samanlikna med 2017.

Talet på årsverk har auka med fem prosent. Veksten innanfor lønns- og rekneskapstenestene kjem av at vi har fått fleire kundar og teke på oss fleire oppgåver for kundane. Dette er kostnader som blir finansierte av dei kundane vi tek over oppgåver for (vanlegvis rammeoverføring).

Lønnsdelen innanfor lønns- og rekneskapstenestene har lege stabilt på om lag 66 prosent dei siste åra. Lønnskostnaden per årsverk har auka med seks prosent, noko som er høgare enn lønnsveksten i staten. Hovudårsaka til dette er at kostnader for ikkje avvikla ferie frå 2018 er bokførte på tenesta der den tilsette arbeider. Tidlegare blei dette bokført sentralt.

Reisekostnadene har auka noko, men samtidig er det blitt fleire tilsette. Det er forklaringa på at reisekostnaden per årsverk er uendra frå 2017 til 2018.

Kostnader til konsulentar har lege på om lag ti prosent dei siste åra. Konsulentbruken kan i hovudsak relaterast til drift og vedlikehald av lønssystemet, og til utviklingsprosjekt som gir auka nytte av SRS, aktivitetsregistrering med prosjektstyring, Nav-innkrevjing og prosessautomatisering (robotisering).

Tabell 5: utvalde nøkkeltal for lønns- og rekneskapstenestene.

Nøkkeltal	2016	2017	2018
Årsverk	262	286	299
Driftskostnader, i tusen kroner	288 813	324 536	358 136
Del av driftskostnadene som går til lønn	67 %	66 %	66 %
Del av driftskostnadene som går til konsulentar	8 %	10 %	10 %
Reisekostnad per årsverk, i tusen kroner	26	31	31
Lønnskostnad per årsverk, i tusen kroner	743	748	792
Driftskostnader per årsverk, i tusen kroner	1 105	1 134	1 196

3.2.4 Konsernsystema

Vi gjennomførte fleire utviklingsaktivitetar på dette området i 2018. Mellom anna utvida vi statsregnskapet.no med rekneskapsdata for nettobudsjetterte verksemder, følgde opp endringar i regelverket og inngjekk nye rammeavtalar for betalingsformidling. Vi har òg analysert alternative digitale fellesløysingar for tilskotsområdet. Utviklingsaktivitetane er eit ledd i det langsiktige arbeidet for å forenkle, effektivisere og sikre gode tenester på området.

Løysinga frå DFØ for publisering av statsrekneskapan gjer rekneskapsinformasjon frå statlege verksemder tilgjengeleg og mogleg å samanlikne på ein enkel måte. Statistikken for andre halvår 2018 viser at statsregnskapet.no blei besøkt 7000 gonger og hadde 20 000 sidevisingar. Dei mest populære sidene er dei sidene der hovudtala for staten står. Dei sidene som viser enkeltverksemder, formål osv. blir brukte i mindre grad. Eit gjennomsnittleg besøk varer i om lag fire minutt og består av knapt seks handlingar, til dømes sidevisingar, nedlastingar eller søk. Dette har ført til at ålmenta har fått ein enklare og betre tilgang til informasjon om statleg ressursbruk.

Betalingsstenestene for inn- og utbetalingar i dei nye rammeavtalane er i hovudsak dei same som tidlegare, men det har skjedd nokre viktige endringar med omsyn til nye felles løysingar når det gjeld tryggleik og standardisering. Ei endring er at DFØ har stilt krav til bruk av nye format (meldingsstandarden ISO 20022), sikring av ut- og innbetalingsfiler og bruk av infrastrukturen PEPPOL for oversending av filer. Innføring av meldingsstandarden i bankane og verksemdene, sikringsløysing og bruk av PEPPOL skal skje etter standardar som er utarbeidde av BITS (infrastrukturselskapet til bank- og finansnæringa) i samarbeid med Difi. Verksemder som ikkje greier overgangen til den nye meldingsstandarden, skal i ein overgangsperiode vidareføre dagens standardformat og sikringsløysingar. Ei anna endring er at verksemdene får høve å nytte kunde- og adresseregister som finst i bankane, slik at dei kan verifisere om ein betalingskonto er gyldig og aktiv, og om ei tilknytning mellom eit oppgitt betalingskontonummer og ein kontohavar er korrekt.


Sjå òg omtale av arbeidet vårt på dette fagområdet under enkeltoppdraga i dette kapitlet.

Tabell 6: resultat for styringsparametrar under delmål 2 for konsernsystema.

Styringsparameter	Resultatkrav	Resultat
Kor fornøgde brukarane er med løysinga for rapportering til statsrekneskapen, medrekna løysing og rådgiving	Minst som tidlegare år	Innfridd
Kor fornøgde brukarane er med tenestene til DFØ innanfor betalingsformidling, medrekna den statlege konsernkontoordninga	Minst som tidlegare år	Innfridd

Kor fornøgde brukarane er med løysinga for rapportering til statsrekneskapen, medrekna løysing og rådgiving

Tenestene til DFØ for innrapportering til statsrekneskapen, inkludert løysing og rådgiving, får gode tilbakemeldingar frå brukarane. 87 prosent av respondentane i kunde- og brukarundersøkinga oppgir at dei er fornøgde med tenestene. På ein skala frå 1 til 6 har brukarane gitt ein gjennomsnittleg skår på 4,7. 23 prosent av brukarane oppgir at dei har fått hjelp frå DFØ i samband med rapporteringsarbeidet. Det er ein auke frå 17 prosent året før. Auken kjem i hovudsak av organisatoriske endringar (samanslåing av rekneskapsførarar i til dømes politiet og fylkesmannsembeta) og ei ny løysing for innrapportering frå nettobudsjetterte verksemder.


Figur 8: kor fornøgde brukarane er med tenester knytte til statsrekneskapen, medrekna løysing og rådgiving.

Kor fornøgde brukarane er med DFØ sine tenester innanfor betalingsformidling, medrekna den statlege konsernkontoordninga

Brukarane er jamt over godt fornøgde med tenestene innanfor betalingsformidling, medrekna den statlege konsernkontoordninga. 82 prosent av respondentane i kunde- og brukarundersøkinga svarer at dei er fornøgde med tenestene på dette området. På ein skala frå 1 til 6 har den gjennomsnittlege skåren halde seg stabil på 4,8. Det er nokre fleire brukarar som oppgir at dei har fått hjelp på dette området, frå 10 prosent i 2017 til 12 prosent i 2018. Den hjelpa DFØ har gitt, har

mellom gått ut på å svare på spørsmål som gjeld om bruk av nye banktenester (til dømes Vipps) er innanfor ordninga, unntak for enkelte spesielle ordningar og oppretting av oppgjerskontoar.

Figur 9: kor fornøgde brukarane er med tenester knytte til statleg betalingsformidling, medrekna den statlege konsernkontoordninga.



3.2.5 Enkeltoppdrag frå departementet

DFØ fekk i 2018 eitt enkeltoppdrag knytt til konsernsystema. Oppdraget er utført og levert i tråd med resultatkravet.

Publisering av statsrekneskapen for nettobudsjetterte verksemder

«DFØ skal levere publiseringsprosjektet fase II for nettobudsjetterte virksomheter. Dette innebærer at detaljerte regnskapsdata for disse virksomhetene blir gjort tilgjengelige på statsregnskapet.no».

Løysinga frå DFØ for publisering av statsrekneskapen gjer rekneskapsinformasjon frå statlege verksemder samanliknbar og tilgjengeleg for eit breitt publikum. I mai 2018 blei løysinga utvida med detaljerte rekneskapsdata for nettobudsjetterte verksemder for rekneskapsåra 2016 og 2017.

3.2.6 Andre utviklingstiltak for konsernsystema

Utviklingstiltaka frå DFØ innanfor konsernsystema er i hovudsak retta inn mot å følgje opp dei enkeltoppdraga som er gitt i tildelingsbrevet. I 2018 arbeidde vi også med desse utviklingstiltaka:

Nye rammeavtalar for bankane

DFØ inngjekk i 2018 nye rammeavtalar om betalings- og kontohaldstenester for statlege verksemder. Det blei òg inngått tilleggsavtalar for valutakontoar, kontantkort, utbetalingar om statslån og betalingar til rentebyteavtalar. Rammeavtalane og rettleiingsmateriell blei gjort tilgjengeleg for verksemdene gjennom kontraktsadministrasjonsverktøyet til DFØ. Verksemdene fekk òg tilgang til ein frivillig evalueringsmodell som kunne forenkle val av bank i avropsprosessen.

Nær 80 prosent av verksemdene lasta ned evalueringsmodellen. DFØ har òg halde kurs og gitt råd til statlege verksemdar og departement om korleis dei skal gjennomføre avropsprosessen på nye rammeavtalar. Med unntak av 13 verksemdar som har fått utsett frist, har alle verksemdene gjennomført avropsprosess i 2018.

3.2.7 Ressursbruk for konsernsystema

Tabellen nedanfor viser ressursbruken for konsernsystema. Hovudårsaka til at driftskostnadene auka i 2018, er auka avskrivningar som følgje av ferdigstilling (aktivering) av publiseringsløyisinga i statsregnskapet.no. Dette forklarar at den delen av kostnadene som går til lønn, var lågare i 2018.

Lønnskostnaden per årsverk auka meir enn lønnsveksten i staten. Hovudårsaka er at kostnader for ikkje avvikla ferie frå 2018 er bokførte på tenesta der den tilsette arbeider. Tidlegare blei dette bokført sentralt.

Tabell 7: utvalde nøkkeltal for konsernsystema.

Nøkkeltal	2016	2017	2018
Årsverk	7	8	8
Driftskostnader, i tusen kroner	12 487	9 076	12 246
Del av driftskostnadene som går til lønn	52 %	77 %	65 %
Del av driftskostnadene som går til konsulentar	38 %	18 %	18 %
Reisekostnad per årsverk, i tusen kroner	12	8	8
Lønnskostnad per årsverk, i tusen kroner	911	877	941
Driftskostnader per årsverk, i tusen kroner	1 842	1 132	1 451

3.3 Delmål 3: Tenestene til DFØ gir synergjar og stordriftsfordelar

Dei viktigaste synergi- og stordriftseffektane staten oppnår ved at DFØ er ein stor tenesteleverandør, er betre kvalitet og høgare effektivitet. Med store volum på lønns- og rekneskapstenester har vi det største fagmiljøet i staten på dette området. Når DFØ gjer innkjøp éin gong på vegner av alle kundane, gir det stordriftsfordelar som gagnar både kvar enkelt kunde og staten som heilskap. Det er eit økonomisk fordelaktig alternativ samanlikna med ei løysing der kvar enkelt verksemd på eiga hand står for innkjøp og drift. Nye kundar får tilgang til løysingar som er baserte på investeringar som er gjorde gjennom mange år, og betaler berre marginalkostnader for dette. DFØ oppgraderer òg eksisterande system og vidareutviklar tenester med ny funksjonalitet utan meirkostnader for kundane. Systemendringar som følgjer av endringar i til dømes lønnsoppgjør eller regelverk, blir gjorde éin gong på vegner av alle. Bruk av lønns- og rekneskapstenestene til DFØ inneber at verksemdene kan frigjere tid til å utføre eigne kjerneoppgåver. Tenestene blir òg mindre personavhengige når produksjonen skjer i DFØ. Det gjer tenestene mindre sårbare og betrar føresetnadene for ei stabil og einskapleg drift. I tillegg sikrar bruk av lønns- og rekneskapstenester frå DFØ at verksemda følgjer krava i statlege regelverk.

Statlege verksemdar som bruker tenestene frå DFØ, må akseptere at dei får eit standardisert tenestetilbod. I dei siste åra er tenestemodellane likevel blitt utvida og tilpassa nye kundegrupper. Finansdepartementet har òg opna for at enkeltverksemdar eller grupper av verksemdar kan finansiere utviklingstiltak, så framtidige løysingane seinare blir stilte vederlagsfritt til rådvelde for andre kundar.

Effektive og velfungerande tenester til statlege verksemdar er ein del av kjerneverksemda til DFØ, og vi gjennomfører kontinuerleg tiltak for å effektivisere og digitalisere prosessar. I 2018 tok vi til dømes i bruk ein robot som hentar sjukmeldingar for politiet. Det har spart tid både for kunden og for DFØ. Også andre kundar har høve til å ta denne roboten i bruk. Tidlegare har vi teke i bruk ein robot som står for den første godkjenninga av reiserekningar. I Bufetat godkjenner roboten 70 prosent av reiserekningane, og i Skatteetaten godkjenner han 50 prosent. Berre i desse to verksemdene gir dette innsparingar på fem årsverk. Etter kvart som fleire statlege verksemdar tek roboten i bruk, kjem dei samla innsparingane til å bli nokså store.

Samanlikna med liknande verksemdar har DFØ lågare einingskostnader på ei rad prosessar. Sjå òg omtale i kapittel 3.3.2, «Einingskostnader i DFØ er på nivå med eller lågare enn i verksemdar vi kan samanliknast med».

Vi erfarer at det er nokså store synergieffektar og samdriftsfordelar mellom regelverksforvaltinga og lønns- og rekneskapstenestene våre. Eit tett samarbeid mellom fagmiljøa på økonomitenesteområdet og i regelverksforvaltinga fører til betre utvikling av tenestene og auka kvalitet i den faglege rettleiinga. To døme på dette er arbeidet med tiltak for å auke nytta og redusere kostnadene ved å bruke dei statlege rekneskapsstandardane og det faglege arbeidet i referansegruppa som har greidd ut om det er mogleg å oppnå presis måling av årsverk i staten.

Den operative kompetansen som DFØ opparbeider seg som lønns- og rekneskapstenesteleverandør, er òg verdifull i regelverksforvaltinga og i kompetanseformidlinga om styring. Fagavdelingane våre har jamleg kontakt for å koordinere oppgåver, komme med faglege innspel og utveksle erfaringar.

Lønns- og rekneskapsavdelinga har dei siste to åra samarbeidd tett og utveksla erfaringar i arbeidet med å utvikle og ta i bruk robotteknologi og kunstig intelligens. Erfaringane vil òg vere nyttige når DFØ skal vurdere bruk av tilsvarende teknologi på forvaltingsområdet.

Vidare er det synergieffektar i samband med utveksling av data mellom lønssystemet og rekneskapsystemet, og i samband med det tette samarbeidet mellom IT-miljøa i DFØ. Eit døme er overføring av utbetalingsdata frå rekneskapsystemet vårt, som blir rapportert som inntektsgrunnlag for ektefellebidrag i den månadlege A-meldinga frå lønssystemet.

Kommunikasjon og koordinering knytt til til dømes avstemming, feilretting og årsoppgjer går smidig når dei involverte har jamleg og tett kontakt på tvers av avdelingane i DFØ. Når det gjeld IT-system og -infrastruktur, er det òg synergieffektar. Eit døme er at den praktiske kompetansen knytt til rekneskapstenestene gir eit bidrag til den teknologiske drifta av statsrekneskapskapen.

Tabell 8: resultat for styringsparametrar under delmål 3.

Styringsparameter	Resultatkrav	Resultat
DFØ har standardiserte leveransar	Redusere avvik	Innfridd
Einingskostnader i DFØ er på nivå med eller lågare enn i verksemdar vi kan samanliknast med	Minst som tidlegare år	Innfridd
DFØ har store volum	Minst som tidlegare år eller høgare	Innfridd
Kundane tek i bruk digitaliserte løysingar frå DFØ	Minst som tidlegare år eller auka bruk	Innfridd

3.3.1 DFØ har standardiserte leveransar

DFØ har gjennom tidlegare omstillingar samlokalisert høvesvis lønns- og rekneskapstenestene for å leggje til rette for standardisering av tenestene og tenesteproduksjonen på økonomi-tenestområdet. Vi har dessutan prosessorganisert oppgåvene i tenesteproduksjonen. Det gjer at vi kan sikre lik arbeidsdeling og oppgåveløysing mellom oss og kundane. I dei siste åra har vi gjennomført tiltak for å fjerne eller redusere avvik i arbeidsdelinga. I 2018 ferdigstilte vi mellom anna arbeidet med å innføre nye oppdaterte tenesteavtalar med alle kundane våre. Det var framleis sju avvik i 2018, som i 2017, men dei tiltaka vi har sett i verk, inneber at vi er i ferd med å få færre avvik. Avvikane er mindre alvorlege og kjem anten til å bli formaliserte gjennom ny avtale eller lukka. Vi vurderer derfor at resultatkravet er innfridd.

3.3.2 Einingskostnadene i DFØ er på nivå med eller lågare enn i verksemdar vi kan samanliknast med

Vi har i fleire år delteke i det nordiske Finance Benchmarking-programmet til Ernst & Young. I denne referanseundersøkinga blir større offentlege institusjonar med shared service-funksjonar samanlikna med kvarandre og med resultat frå internasjonale undersøkingar.

Undersøkinga prøver å ta omsyn til at deltakarane i undersøkinga har ulike tenestemodellar og ulik arbeidsdeling, men vi må ta høgd for at ein del forskjellar i resultatata verksemdene imellom kan tilskrivast dette. DFØ oppnår likevel svært gode resultat i undersøkinga. Vi vurderer det samtidig som vel så interessant å ta utgangspunkt i DFØ si eiga utvikling over tid. Rapporten frå 2018 viser tal for 2017.

Rapporten viser at vi har oppnådd lågare einingskostnad i prosessane *handtering av lønn, refusjon av foreldre- og sjukepengar og inngåande faktura*. For prosessane *hovudbok og periodeavslutning, reiserekningar og utleggsrefusjon og utgåande faktura*, ser vi ein svak auke i einingskostnader i 2017.

Tabell 9: einingskostnad for prosessane med størst volum.

Prosess	2013	2014	2015	2016	2017
Handtering av lønn (totale kostnader (kr) per medarbeidar som tek imot lønn)	269	264	266	240	225
Hovudbok og periodeavslutning (totale kostnader (kr) per posteringslinje)	1,1	1,1	0,7	0,5	0,6
Inngåande faktura (totale kostnader (kr) per inngåande faktura som er behandla)	23	24	21	20	13

Einingskostnaden for handtering av lønn gjekk ned trass i at vi gjorde meir for kundane i 2017 enn i tidlegare år. Eitt årsverk utførte arbeid med lønn for 4018 medarbeidarar i 2017.

Proessen hovudbok og periodeavslutning viste ein svak nedgang i produktiviteten i 2017. Ei mogleg forklaring er at vi tok over tenesta frå Service- og tryggingorganisasjonen til departementa i 2016, og at talet på årsverk auka utan at talet på posteringslinjer auka tilsvarande. DFØ tok sikte på å ta ut effektiviseringsgevinst av denne omorganiseringa frå 2018.

Kostnad per inngåande faktura fall markant i 2017. Forklaringa er i hovudsak at ein større del av dei inngåande fakturaene er i elektronisk format. I 2016 utgjorde dei elektroniske fakturaene 52 prosent av det samla talet på fakturaer. I 2017 hadde denne delen auka til 65 prosent.

Vi kjem til å vurdere og analysere funna frå rapporten som ein del av arbeidet vårt med planlegging og budsjettering for 2020.

3.3.3 DFØ har store volum

DFØ leverer lønns- og/eller rekneskapstenester til om lag 87 prosent av alle statlege verksemdar. 86 prosent av verksemdene er lønnskundar, mens 74 prosent er rekneskapskundar. Kundemassen er jamt aukande. I 2018 var det ingen kundar som avslutta kundeforholdet til DFØ.

Gjennom året 2018 og fram til og med 1. januar 2019 er desse verksemdene blitt nye kundar:

- Folkehelseinstituttet (rekneskap)
- Havforskningsinstituttet (lønn og rekneskap)
- Meteorologisk institutt (lønn)
- Sivil klareringsmyndigheit (lønn og rekneskap)
- Tolldirektoratet (rekneskap)
- Noregs vassdrags- og energidirektorat (rekneskap)
- Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (lønn og rekneskap)
- Artsdatabanken (lønn og rekneskap)
- Senter for oljevern og marint miljø (lønn og rekneskap)
- Norsk nukleær dekkommissjonering (lønn og rekneskap)
- Statens undersøkingskommisjon for helse- og omsorgstenesta (lønn og rekneskap)
- Fylkesmennenes fellesadministrasjon (lønn og rekneskap)
- Politi- og lensmannsetaten (rekneskap)
- Politiets tryggingsteneste (rekneskap)

Fylkesmannsembeta blir slått saman og blir reduserte frå elleve til fem frå 1. januar 2019. Samtidig blir Fylkesmennes fellesadministrasjon etablert. DFØ har i 2018 arbeidd for å tilpasse desse endringane i systema våre. Arbeidet skal slutførast i første kvartal 2019.

DFØ arbeider kontinuerleg for å motivere kundane til å ta i bruk fleire tenester. I 2018 har seks kundar utvida samarbeidet til å inkludere tenester som dei ikkje har kjøpt tidlegare.

Tabell 10: utvalde volumtal for lønns- og rekneskapstenestene.

Volumtal	2016	2017	2018
Talet på lønns- og trekkoppgåver	195 047	196 317	198 625
Talet på fakturaer	907 070	949 951	1 007 128

Som det går fram av tabellen, har talet på lønns- og trekkoppgåver og talet på fakturaer gått opp dei siste åra.

3.3.4 Kundane tek i bruk digitaliserte løysingar frå DFØ

DFØ arbeider kontinuerleg med å motivere brukarane til å ta i bruk dei digitaliserte løysingane våre. Ved utgangen av 2018 hadde vi nærmare 60 000 unike brukarar av DFØ-appen. Det svarer til 67prosent av alle tilsette hos kundane våre. Bruken av appen aukar jamt. 47 prosent av timeføringa og 45 prosent av reisene var registrert i appen ved årsskiftet, opp frå høvesvis 39 prosent og 26 prosent i 2017. Honorarmottakarane har òg teke godt imot den nye nettlesarportalen Betalmeg. Effekten av å ta i bruk løysingane ligg fullt og heilt hos sluttbrukaren.

Dersom vi skil mellom tenestemodellane til kundane, var prosentdelen sjølvbetente reiserekningar og honorarkrav for honorarlønne heile 70 prosent for fullservicekundane, 63 prosent for delservicekundane og 25 prosent for basiskundane.


45 prosent av dei fast tilsette hos fullservicekundane bruker elektroniske arbeidsflytskjema, mens den tilsvarande prosentdelen er 10 for delservicekundane og 11 for basiskundane. I tillegg kjem dei daglege registreringane, til dømes timeføring, fråværsøknader og reiserekningar, som har svært høg sjølvbeteningsgrad. Vi ser likevel at det er eit stort potensial for at endå fleire av brukarane hos dei største kundane våre vel å nytte løysingane. DFØ vil gjennomføre pådrivaraktivitetar overfor desse gruppene i tida framover.

Satsinga på kunstig intelligens har gitt resultat. Den nye digitale assistenten vår hjelper honorarmottakarar med å fylle ut honorarskjema, med reiserekningar og med refusjon for utgifter. Assistenten blir nytta utanfor opningstida til kundesentera, og har i andre halvår handtert over 5000 spørsmål og 2500 samtalar.

Kundane kan òg velje om dei ønskjer å ta i bruk nokre av robotane til DFØ for utvalde prosessar innanfor økonomitenestene. Over halvparten av kundane nyttar dei valfrie robotane når det gjeld mellom anna sjukmeldingar og reisekontroll. Det er særleg dei store kundane med høgt volum som nyttar desse robotane.

Vi har i dei siste åra gjennomført fleire tiltak for å auke prosentdelen av inngåande elektroniske fakturaer (EHF). Tiltaka har gitt gode resultat. Ved utgangen av 2018 utgjorde EHF-fakturaene akkumulert 74 prosent av alle bilaga.

Figur 10: utviklinga i prosentdelen EHF-fakturaer i perioden 2008–2018.



DFØ tilbyr ei heilskapleg innkjøpsløysing (e-handel) som dekkjer prosessen frå bestilling til betaling. Løysinga medverkar til effektiv ressursbruk og reduserte kostnader, og oppfyller dei krava økonomiregelverket stiller til sporbarheit og dokumentasjon. Ved inngangen av året var 37 kundar knytte til innkjøpsløysinga, og talet hadde auka til 45 ved utgangen av 2018.

Alle kundane fekk i 2018 tilbod om å ta i bruk ei heilelektronisk løysing for å gjennomføre konkurransar og kontraktsadministrasjon. Løysinga oppfyller krava i anskaffingslova og forskriftene om offentlege anskaffingar. Ved utgangen av året hadde 47 kundar teke løysinga i bruk. DFØ kjem til å halde fram med å gjennomføre pådrivaraktivitetar for å stimulere kundane til å bruke løysinga.

3.3.5 Ressursbruk i 2018

I dette kapitlet gjer vi greie for ressursbruken i DFØ i perioden 2014–2018 ved hjelp av utvalde rekneskapstal og nøkkeltal frå årsrekneskapen. Vi har valt å bruke tal frå den periodiserte rekneskapen (verksemdsrekneskapen) og synleggjer dermed kostnader. Unntak er «Samla tildeling post 01–99» og «Utnyttingsgrad post 01–29», som er henta frå løyvingrapporteringa (kontantrekneskapen) i årsrekneskapen. Ein vesentleg forskjell mellom desse rekneskapane er at i verksemdsrekneskapen resultatfører ein avskrivningar og i kontantrekneskapen investeringar.


Grunnlag for nøkkeltala finst i del 6 i årsrapporten, som gjeld årsrekneskapen.

Samla tildeling

Den disponible ramma for DFØ var på 558 millionar kroner i 2018. Tildelinga av midlar frå kapittel/post 160545 (anskaffing og vedlikehald av utstyr) gjeld faktura- og innkjøpssystem og

utviklingsmidlar. Oppdraga som gjaldt felles økonomimodell for departementa, publiseringsprosjektet (vidareutvikling av statsregnskapet.no) og auka nytte av SRS, blei finansierte over Finansdepartementets kapittel 1608 (spesielle driftsutgifter).


Figur 11: samla tildeling i 2018 fordelt på kapittel/post, i prosent.



Prosentdel løyvingar

Prosentdelen løyvingar viser inntekter frå løyvingar i forhold til dei samla inntektene. DFØ er i hovudsak løyvingfinansiert, men vi har høve til å krevje kundane for tredjepartskostnader innanfor økonomitenesteområdet og for å dekkje kostnader knytte til ein del kurs- og konferansetilbod.

Den delen som kom frå løyvingar, låg på i underkant av 90 prosent til og med 2015. Frå og med 2016 har kundar som tidlegare gav oss belastningsfullmakt som betaling for lønns- og/eller rekneskapstenester, blitt fakturerte for desse tenestene. Det gjeld kundar som normalt skal overføre ramme til oss, men der Finansdepartementet har innvilga søknad om unntak. Fond blir òg fakturerte. Kostnader til oppstart eller endring av kundeforhold er blitt fakturerte frå 2016. På grunn av dette blei driftsinntektene vesentleg høgare frå 2016, og prosentdelen løyvingar har gått ned til i overkant av 80 prosent.

Figur 12: kor stor prosentdel løyvingar utgjorde i perioden 2014–2018.**Utnyttingsgrad post 01–29**

Utnyttingsgrad post 01–29 viser kor stor del nytta midlar (bokførte) utgjorde av ordinære midlar (post 01), og kor stor del dei utgjorde av spesielle driftsutgifter (post 21).


Utnyttingsgraden har lege på om lag 97 prosent dei siste fem åra. I 2018 var mindreforbruket av ordinære driftsmidlar på om lag tre prosent av brutto driftsramme.

DFØ får stadig strammare driftsrammer. Årsaka er avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma (ABE-reforma), men òg at drift- og vedlikehaldskostnadene våre aukar når vi vidareutviklar lønns- og rekneskapssystema våre. At utnyttingsgraden likevel ligg under 100 prosent, kjem av at DFØ på slutten av året ikkje nytta avsett reserve for å kunne handtere uføresette hendingar, og at nokre tiltak blei starta opp noko seinare enn planlagt, i tillegg til ein viss vakanse i stillingar.

Drift

Dei totale driftskostnadene var på 545 millionar kroner i 2018. Det er ein auke på åtte prosent samanlikna med 2017, og det er høgare enn den generelle prisstigninga i perioden.

Kostnadene aukar fordi vi har fått fleire kundar og fordi vi har teke på oss fleire oppgåver for kundane. Det har gjort at vi er fleire tilsette, og dermed har fått høgare lønns- og driftskostnader. Driftskostnadene har auka mest som følgje av auka kostnader til lisens- og supportavtale for datalagringsplass, nye lisens- og vedlikehaldsavtalar knytte til robotteknologi og auka lisensvedlikehald for nye produkt som vi tilbyr kundane.

Figur 13: samansetjinga av driftskostnader i 2018 etter type kostnad, i prosent.

Lønn

Lønnskostnader inkluderer lønn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, pensjonskostnader og andre ytingar, fråtrekt refusjonar frå Nav. Kostnaden per årsverk var 824 000 kroner i 2018, ein auke på 2,6 prosent frå 2017. Dette er rett oppunder den lønnsveksten⁸ ein reknar med i staten.

Kostnaden per årsverk gjekk ned i 2017. Dette kjem av at tilbakeføring (kreditering) av ikkje avvikla ferie frå året før var høgare.


⁸ Kjelde: Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera (TBU): «Grunnlaget for inntektsoppgjørene i 2019» (foreløpig hovudrapport).

Kostnader per hovudområde

Lønns- og rekneskapstenestene er det største tenesteområdet vårt, og 66 prosent av kostnadene våre i 2018 kan førest tilbake dit. Denne prosentdelen gjekk ned i 2015 og 2016. Vi forklarar dette med uttak av effektiviseringsgevinstar frå omstillinga i 2014–2015, og med at nettoføringsordninga blei innført. Dette gav særleg utslag innanfor økonomitenestene. I 2017 gjekk prosentdelen av kostnader på dette området opp. Årsaka er at vi er fleire tilsette fordi vi har nye kundar og fleire oppgåver.

Kostnader til stabs- og fellesfunksjonar utgjer 24 prosent av totalkostnadene og viser ein nedgang samanlikna med tidlegare år. Dette er eit uttrykk for at dei utoverretta tenestene har høg prioritet, og at ein del investeringar i IT-drift og -forvaltning er utsette. Det finst eit lite kostnadsetterslep på området som gjer at prosentdelen kan komme til å auke litt att i kommande år. Kostnader til forvaltning og analyse har lege stabilt på i underkant av ti prosent dei siste åra.

Figur 14: driftskostnad per hovudområde i perioden 2014–2018, i prosent.



Del 4: Styring og kontroll i verksemda

4.1 Ny strategi

I dei siste åra har DFØ opplevd store endringar i omgivnadene, og det har komme teknologiske nyvinningar. I tillegg har krava til effektivisering auka i statsforvaltinga. DFØ har derfor utarbeidd ein ny strategi for verksemda. I dei neste åra vil vi framleis leggje vekt på effektivitet og standardisering, og vi skal vere eit tydeleg ekspertorgan for styring og utgreiing i staten. Vi skal utvikle og levere brukarvennlege og digitale tenester. I tillegg skal vi vere ein pådrivar for samarbeid og gode fellesløyser i staten. Finansdepartementet godkjende den nye strategien i september 2018. Frå 2019 har departementet òg fastsett desse nye hovudmåla for DFØ:

- Kundane til DFØ har effektiv økonomistyring og kan frigjere ressursar.
- Statlege verksemder bruker avgjerdsgrunnlag av god kvalitet.
- Styring i staten er tilpassa eigenarten og retta inn mot overordna mål og effektiv ressursbruk.
- Ålmenta har enkel og god tilgang til informasjon om statleg ressursbruk.

4.2 Effektiv drift og produktivitetutvikling

DFØ vurderer kontinuerleg nye måtar å effektivisere drifta på. Vi har tidlegare kartlagt og vurdert IT-styringa vår og bruken av digitale arbeidsflater. På bakgrunn av resultatata starta vi i 2018 arbeidet med å styrkje drifta på IT-området, og vi vil arbeide vidare med å leggje til rette for ein meir heilskapleg IT-arkitektur. Det gir eit godt grunnlag for betre samhandling, færre feil og meir effektive arbeidsrutinar. Arbeidet vil halde fram i 2019.

I 2019 vil vi arbeide vidare med å ta i bruk robotteknologi og kunstig intelligens, også på forvaltingsområdet. Vi meiner at teknologien kan høve godt både for visse prosessar i statsrekneskapskapen og for å svare på enkle førespurnader om regelverka.

Det systematiske arbeidet vi gjer for å effektivisere drifta hos kundane er òg med på å effektivisere vår eiga drift. Når vi tek i bruk nyutvikla e-skjema og ny funksjonalitet i DFØ-appen og innfører robotteknologi og kunstig intelligens, kan vi utnytte ressursane våre meir effektivt. Frigjorde ressursar har gått til å vidareutvikle og forbetre økonomitenestene. Dei har òg medverka til å dekkje inn dei årlege avbyråkratiserings- og effektiviseringskutta. I sum fører alle små og store digitaliseringstiltak til at både vi og kundane sparer tid og oppnår betre kvalitet.

Dei årlege benchmark-undersøkingane er éi av fleire kjelder for å identifisere potensielle effektiviseringstiltak på lønns- og rekneskapsområdet. Trass i god produktivitetutvikling er det potensial for ytterlegare digitalisering av prosessane. Vi vurderer kontinuerleg om det er mogleg å endre arbeidsdelinga mellom DFØ og kundane, og å utføre ein større del av prosessane. Sjå omtale av resultat i kapittel 3.3.2, «Einingskostnader i DFØ er på nivå med eller lågare enn i verksemder vi kan samanliknast med».

På forvaltingsområdet har vi arbeidd med å førebu eit nytt oppsett for tidregistrering. Siktemålet er å kunne måle produktivitet utviklinga på utvalde område. Erfaring viser at dette arbeidet er noko meir tidkrevjande enn vi trudde. Vi planlegg for å hente ut resultat og tidsseriar frå 2019 og i åra framover. Når det gjeld kompetansetenestene, har bruk av mellom anna e-læringskurs, strøymetenester og opplæringsfilmar ført til at mange fleire deltakarar kan få nytte av kompetanseformidlinga, samtidig som det frigjer noko kapasitet som DFØ kan nytte på andre område.

4.2.1 Vurdering av tenestekjeder i staten

I tildelingsbrevet for 2018 har DFØ fått i oppdrag å vurdere kva tenester og prosessar som bør sjåast i samanheng med tenester i andre verksemdar. Tenestekjeder er tenester som blir tilbodne av ulike verksemdar, men som blir presenterte samanhengande for brukaren.

DFØ inngår som ein del av fleire tenestekjeder i staten på områda lønn, rekneskap, forvaltning og arkivering av publisert materiale. Vi har i 2018 sett på tenestekjeder der DFØ medverkar i starten, i slutten eller er i ein mellomposisjon. Gjennomgangen viser òg kva verksemdar DFØ har interaksjon med, og kva type informasjon som blir utveksla. DFØ har ikkje vurdert kvaliteten på informasjonsutvekslinga.

Tabell 11: kva verksemdar DFØ har interaksjon med, og kva type informasjon som blir utveksla.

Verksemd	Informasjon som blir utveksla
Riksarkivet	Arkivpliktige dokument
Nasjonalbiblioteket	Evalueringar, statistikk og presentasjonar
Riksrevisjonen	Lønnsdata
Fagforeiningar	Lønnsdata
Nav	Refusjonskrav og sjukmeldingar
Statens pensjonskasse	Innbetaling og rapportering om tilsetjingsforhold
Bankane	Betalingsfiler og valutakursar
Departementa	Statsrekneskapen (R8) og oppfølging av regelverk
Difi	ELMA – elektronisk mottakaradresseregister for elektronisk faktura, ID-porten for honorarmottakarar
Kundane til DFØ	Lønnsgrunnlag og godkjend faktura
Altinn	Portal og teknisk meldingsformidling
Finansdepartementet	Statsrekneskapen (R8), S-rapport og L-rapport
Noregs bank	Kontoutskrift og oppgjerskonto
Skatteetaten	Skattekort, A-melding, faktura, lønnstrekk, mva., inkassokrav og persondata
Statsbygg	Statlege lokale
Statistisk sentralbyrå	Statistikk og informasjon frå Einingsregisteret

4.3 Risikovurdering og internkontroll

DFØ prioriterer arbeidet med styring og kontroll høgt. Vi gjennomfører faste aktivitetar, mellom anna risikovurderingar, eigenevaluering av internkontrollen og rapportering av status frå leiarane for internkontrollen på deira eigne område. Eigenevalueringa viser korleis DFØ – samla for alle avdelingane – vurderer seg sjølv opp mot generelle kjenneteikn på god internkontroll.

Som følgje av den revisjonen Riksrevisjonen gjennomførte for verksemdsåret 2017 (sjå eigen omtale nedanfor), høg turnover i det sentrale styringsmiljøet vårt og visse kapasitetsutfordringar på IT-området, har vi no fleire tiltak enn normalt i gang for å sikre god styring og kontroll i verksemda også i tida framover. Konkrete leveranseplanar og mykje merksemd om leiing knytt til dette, gjer at internkontrollen blir vurdert som akseptabel.

I dei siste åra har vi arbeidd kontinuerleg med å betre styringa og kontrollen i verksemda. I 2018 vidareførte vi dette arbeidet, og la særleg vekt på IT-styring og system- og informasjonsforvaltning. Ein stor del av forbetningsarbeidet blir teke hand om gjennom dei tiltaka som følgjer av dei funna Riksrevisjonen gjorde i 2017, og gjennom innføringa av personvernforordninga. Dette arbeidet kjem til å halde fram også i 2019.

Vi hadde ingen vesentlege driftsavvik i 2018.

4.3.1 Tryggleik og beredskap

DFØ stiller strenge krav til tryggleiken. I 2018 gjennomførte vi analysar av tryggleik og sårbarheit (ROS-analyse) av fleire av systema våre. Vidare har vi oppdatert rammeverk for og dokumentasjon av prosessar og arbeidsoppgåver. Dette arbeidet kjem til å halde fram i 2019.

DFØ rapporterer årleg om tryggleikstilstanden i særskild rapportering til Finansdepartementet. Hendingar blir rapporterte i samsvar med dette, og erfaringane frå hendingane blir nytta i det forbetningsarbeidet som heile tida er i gang. Vi har hatt fem hendingar knytte til informasjonstryggleik i 2018. Hendingane førte ikkje til alvorlege konsekvensar.

4.3.2 Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen for DFØ for 2017. Dei gjennomfører òg årleg revisjon av oss som leverandør av økonomitenester til andre statlege verksemdar. I rapporten for 2017 peikte Riksrevisjonen på veikskapar i DFØ sitt arbeid med å sikre personopplysningane i lønns- og personaldatasystemet. DFØ har etter avklaring med Finansdepartementet gjennomført fleire tiltak for å følgje opp funna i rapporten, og mange av tiltaka var allereie planlagde som ei oppfølging av ny personvernforordning. Arbeidet kjem i hovudsak til å bli ferdigstilt i første halvår 2019.

DFØ gjennomfører elles jamleg internkontrolltiltak som ein del av den ordinære drifta på dei ulike fagområda.

DFØ og Riksrevisjonen har eit fagleg samarbeid om deira revisjon av kundane våre. Dette samarbeidet er med på å lette arbeidet med revisjonen i verksemdene, og fører òg til mindre ressursbruk for DFØ.

4.3.3 Personvern

DFØ organiserte i 2018 arbeidet med å sikre at vi etterlever den nye personvernforordninga, i eit eige prosjekt. Dei nye krava i forordninga er sentrale i arbeidet med informasjonstryggleik og informasjonsforvaltning. Finansdepartementet er jamleg blitt orientert om status for arbeidet. Vi peikte i 2018 ut eit personvernombod og gjennomførte ei rad tiltak. Fleire tiltak kjem òg til å bli vidareførte i oppfølgingsprosjekt i 2019.

4.3.4 Digital forvaltning

Føringane frå eit rundskriv frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (jf. H-7/2017) skal ligge til grunn for digitaliseringsarbeidet i DFØ. Vi følgjer jamleg opp tiltak som dekkjer alle relevante punkt i rundskrivet. Det gjeld òg nye punkt om personvernforordninga (GDPR) og vurdering av forslag om IT-relaterte satsingar. Når det gjeld punktet om bruk av digital postkasse, nyttar DFØ framleis meldingstenesta til Altinn.

4.3.5 Offentlege anskaffingar – arbeidslivskriminalitet

Tildelingsbrevet stiller krav til at DFØ som offentlig verksemd har eit særskilt ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. DFØ kjøpte varer og tenester for 193 millionar kroner i 2018. Med unntak av husleigekostnader og kostnader til driftsleverandørar, skjer hovuddelen av anskaffingane gjennom inngåtte avtalar og/eller rammeavtalar. På bakgrunn av ei risikovurdering har vi kontrollert reinhaldsleverandørane våre. Det blei ikkje avdekt avvik. DFØ følgjer kontraktskrava frå Difi for lønns- og arbeidsvilkår. Vi har òg utarbeidd eigne rutinar i tråd med rettleiinga frå Difi. Vi kjem til å gjennomføre tilsvarande kontrollar kvart år.

4.4 Samarbeid med Difi

Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet gav i tildelingsbrevet for 2017 DFØ og Difi ei felles føring om å samarbeide på fagområde som heng nært saman. Det gjeld særleg områda styring, leiging og organisering. I tillegg blei det gitt føring om å samordne dei kurs- og kompetansetilboda direktorata gir.

Vi samarbeider om ei rad små og store aktivitetar og tiltak, mellom anna på anskaffingsområdet og når det gjeld internrevisjon, utgreiingar og analysar, digitalisering og bruk av teknologi. I tillegg utvekslar vi erfaringar og samarbeider om fagkonferansar, nettverk og kursverksemd. I 2018 samarbeidde direktorata òg i ulike referansegrupper for mellom anna måling av årsverk i staten og kompetansetiltak innanfor etatsstyring. Sjå omtale i kapittel 3.1.2, «Enkeltoppdrag frå departementet», og 3.1.3, «Tilleggsoppdrag til tildelingsbrevet».

DFØ og Difi har følgt opp føringa frå departementa om å vurdere løysingar for å samlokalisere verksemdene når leigekontraktane går ut i 2021. I 2018 sette direktorata i fellesskap i gang eit samlokaliseringsprosjekt.

4.5 Bemanning og personalforvaltning

Ved utgangen av 2018 var det 456 tilsette i DFØ, mot 434 året før.

Tabell 12: talet på tilsette i DFØ fordelt på kontorsteder ved utgangen av året.

	Oslo	Trondheim	Stavanger	Totalt
Tilsette totalt	157	122	177	456
Sum reduserte stillingsbrøkar	0,5	0,5	0,4	1,4
Tilsette i 100 % permisjon	3,2	7	3,4	13,6
Netto tal på tilsette	153,3	114,5	173,2	441

Det var 23 fleire tilsette i DFØ per 31. desember 2018 enn eitt år tidlegare. Årsaka er ein auke i kundemassen og nye oppgåver. Med fleire nye kundar på veg inn i tida framover, blir det behov for fleire tilsette på områda lønn, rekneskap og IT også i 2019. Auka automatisering og robotisering kjem derimot over tid til å føre til innsparing i ressursbruk og gi gevinstar, og dermed kan det bli noko mindre behov for nyttilsetjingar.

Tabell 13: utviklinga i talet på årsverk⁹ per avdeling i DFØ gjennom ein fireårsperiode.

Avdeling	2015	2016	2017	2018
Strategi- og fellestenesteavdelinga	49	45	43	45
Kommunikasjonseininga	7	6	7	7
Forvaltings- og analyseavdelinga	34	38	41	38
Rekneskapsavdelinga	106	109	108	113
Lønnsavdelinga	150	153	178	186
Årsverk totalt	346	351	377	389

Tabell 14: talet på tilsette fordelt på avdeling.

Avdeling	2015	2016	2017	2018
Strategi- og fellestenesteavdelinga	46	48	47	51
Kommunikasjonseininga	8	7	7	10
Forvaltings- og analyseavdelinga	40	47	43	44
Rekneskapsavdelinga	115	128	128	138
Lønnsavdelinga	159	195	209	213
Tilsette totalt	369	425	434	456

⁹ Årsverka er rekna ut med den utrekningsmåten som blir nytta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Årsverk er definert som den ressursinnsatsen dei tilsette i DFØ har utført i perioden frå 1. januar til 31. desember. Det er gjort fråtrekk for fråvær.

4.5.1 Turnover

I 2018 var turnoveren¹⁰ i DFØ 13 prosent, mot 8 prosent året før. Dersom vi inkluderer tilsette i dei einingane som blei flytta eller overførte til Trondheim og Stavanger i samband med overtakinga av DSS, var turnoveren på 16 prosent i 2017. Auken i turnoveren frå 8 til 13 prosent kan komme av at arbeidsmarknaden generelt er i endring. Vi ser at arbeidsmarknaden i spesielt Stavanger er under press. Vi har hatt merksemd retta mot auken i turnover i 2018 og kjem til å følgje dette opp også i 2019.

4.5.2 Likestilling

Ved utgangen av 2018 var 275 kvinner og 181 menn tilsette i DFØ. Det svarer til 60 prosent kvinner, som er det same nivået som for åra 2015–2017. DFØ har ikkje eit eige likestillingsutval, men eventuelle saker blir tekne opp i andre faste møte med dei tillitsvalde. Det er ikkje blitt meldt inn saker i 2018, og vi har heller ikkje hatt særskilde innsatsområde dette året.

I toppleiargruppa var det 83 prosent kvinner i ein mellombels periode hausten 2018. Frå 28. januar 2019 er det 66 prosent kvinner. På seksjonssjefsnivå er det 63 prosent kvinner.

Tabell 15: kjønnsfordeling blant tilsette og leiarar per 31. desember 2018.

	Kvinner	Menn	Totalt	Prosentdel kvinner	Prosentdel menn
Tilsette	259	173	432	60	40
Leiarar	16	8	24	67	33
Alle tilsette i DFØ	275	181	456	60	40
	Kvinner	Menn	Totalt	Prosentdel kvinner	Prosentdel menn
Direktør og avdelingsdirektørar	5	1	6	83	17
Seksjonssjefar	12	7	19	63	37

¹⁰ Turnover er talet på personar som sluttar og som så blir erstatta av ein ny medarbeidar (KMD-definisjonen).

4.5.3 Aldersprofil

51,5 prosent av dei tilsette i DFØ er i aldersgruppa 40–59 år. 39 prosent er i aldersgruppa 20–39 år, og om lag ni prosent er over 60 år. Snittalderen for alle tilsette per 31. desember 2018 var 43,4 år. Det er ein nedgang frå 45,6 år i 2017.

Tabell 16: alderssamansetjinga per 31. desember 2018.

Aldersgruppe	Tal	Prosent
18–19	2	0,5
20–29	71	16
30–39	106	23
40–49	116	25,5
50–59	119	26
60 og eldre	42	9

4.5.4 IA-avtalen og sjukefråvær

I DFØ sin IA-avtale er målet at sjukefråværet ikkje skal komme over fem prosent. Eigenmeldt sjukefråvær skal ikkje komme over to prosent, og legemeldt sjukefråvær skal ikkje komme over tre prosent. Vi har òg som mål at tilsette skal nytte eigenmelding og ikkje sjukmelding ved korttidsfråvær.

I 2018 var sjukefråværet på totalt 4,9 prosent og dermed under IA-målet. Det legemelde sjukefråværet gjekk ned frå 4,2 prosent i 2017 til 3,6 prosent i 2018, og det eigenmelde sjukefråværet gjekk ned frå 1,5 prosent til 1,3 prosent.

Med unntak av 2017 har sjukefråværet vore stabilt gjennom fleire år, og det ligg på eit nivå som er akseptabelt for ei kontorverksemd. Det er ingen indikasjonar på at sjukefråværet er relatert til arbeidsmiljøet. DFØ nyttar bedriftshelsetenesta som ein støttespelar i arbeidet med å følgje opp sjukefråværet.

Tabell 17: sjukefråvær i perioden 2015–2018.

Type sjukefråvær	2015	2016	2017	2018
Legemeldt sjukefråvær	3,4	3,1	4,2	3,6
Eigenmeldt sjukefråvær	1,5	1,6	1,5	1,3
Totalt sjukefråvær	4,9	4,7	5,7	4,9

4.5.5 Kompetanseutvikling og leiarutvikling

Kompetansestyringsmodellen vår skal medverke til at leiarar og tilsette får relevant kompetanseutvikling i samsvar med måla for DFØ og behov for utvikling hos den enkelte. Høva til utvikling blir opplevd som ein motivasjonsfaktor og skal medverke til at dei tilsette utviklar den kompetansen som krevst for å møte framtidige utfordringar.

I 2018 prøvde vi ut nye malar for kompetansekartlegging, ressursplanlegging og mål- og utviklingssamtalar. Alle medarbeidarar har fått kompetanse og opplæringsbehov kartlagt. På bakgrunn av kartlegginga har vi prioritert visse kompetanseområde for 2019. Dette gir føringar for stipendordninga, DFØ-skulen og avdelingsvise kompetansemidlar.

Leiarutvikling er ein viktig del av kompetanseutviklinga i DFØ. I 2018 blei det gjennomført ei felles leiarsamling der temaet var strategi og leiging. Vi har òg gjennomført ei 360 gradars leiarevaluering. Dette er eit individorientert verktøy som skal hjelpe leiarane i deira eiga utvikling som leiar. Resultata blir følgde opp i samarbeid med nærmaste leiar. DFØ inngjekk ny rammeavtale for leiar- og organisasjonsutvikling i 2018. I avtalen har vi lagt særleg vekt på bistand på områda personalleiing, fagleg utvikling og nytenking.

4.5.6 Inkluderingsdugnaden

I tråd med supplerande tildelingsbrev frå juli 2018 har DFØ vurdert rekrutteringsprosessen i verksemda. Regjeringa har som mål at fem prosent av nytilsette skal vere personar med høl i CV-en eller med nedsett funksjonsevne. I praksis er det krevjande å identifisere søkjarar som har høl i CV-en, og vi har i andre halvår ikkje registrert slike søkjarar. Ingen kandidatar blir diskvalifiserte i rekrutteringsprosessane i DFØ, men vår erfaring er at søkjarar ikkje ønskjer å framheve desse forholda. Søkjarar med nedsett funksjonsevne blir innkalla til intervju dersom dei sjølve gjer merksam på dette og dei er kvalifiserte til stillinga. Det er svært få søkjarar til stillingane våre som gjer det klart at dei høyrer til desse gruppene.

4.5.7 Lærlingar og samarbeid med Nav

DFØ samarbeider med Nav om å tilby arbeidstrening til kandidatar som har behov for å prøve ut sine sjansar på arbeidsmarknaden og få relevant arbeidserfaring. Dette er eit ledd i det arbeidet DFØ gjer for å gjere det lettare for arbeidssøkjarar å få ordinær tilsetjing. I 2018 hadde vi 12 praksiskandidatar i lønnsavdelinga og to i rekneskapsavdelinga. Undervegs er to blitt fast tilsette og seks mellombels tilsette i DFØ. Under praksisperioden er òg to av kandidatane blitt tilsette i andre verksemdar.

Vi tilbyr òg plass til lærlingar som har behov for arbeidspraksis som ein del av utdanninga si i kontor- og administrasjonsfaget. Ved utgangen av 2018 hadde DFØ totalt fire lærlingar (to i lønnsavdelinga, ein i rekneskapsavdelinga og ein i strategi- og fellestenesteavdelinga). To av dei fire gjekk opp til fagprøva i 2018, og begge bestod.

Del 5: Vurdering av framtidsutsikter

Visjonen til DFØ om effektiv ressursbruk i staten er blitt stadig viktigare dei siste åra, ikkje berre for oss, men òg for andre statlege verksemder. Utviklinga i norsk økonomi stiller større krav til meir effektiv bruk av ressursar på alle område. Dette aukar behovet for dei tenestene DFØ yter, både innanfor økonomitenestene og innanfor forvaltningstenestene. Samtidig må DFØ effektivisere eiga drift, både for å innfri krava om ABE-kutt og for å frigjere ressursar til arbeidet med utvikling.

Vi har ei viktig rolle å spele med tanke på å forbetre kompetansen i forvaltninga ytterlegare når det gjeld styring og utgreiing. Tilbakemeldingar viser at brukarane ønskjer kompetansetenester som er lett tilgjengelege, fagleg oppdaterte og greie å bruke i praksis. I tida framover kjem vi derfor til å leggje særleg vekt på at kompetansetenestene skal vere praksisnære og relevante for brukarane. Vi kjem òg til å leggje betre til rette for deling av data og bruk av økonomiske data i styringa. Dette er viktig, både for kvar enkelt verksemd og for dei høva det gir til å gjere analysar av produktivitet og ressursbruk på tvers i staten.

Eitt av hovudmåla til DFØ er å skape stordriftsfordelar for staten gjennom standardiserte fellestenester. Kundane har høge forventningar til nye og forbetra tenester, og dei behova kundane har, har mykje å seie for kva prioriteringar DFØ gjer i den vidare utviklinga av tenestene. Samtidig må vi òg i tida framover ta utgangspunkt i kva som er mest effektivt for staten samla sett.

Dei fire store universiteta i BOTT-samarbeidet (Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø) og Statens vegvesen har valt DFØ som tenesteleverandør på lønns- og rekneskapsområdet. Fleire andre store verksemder viser òg interesse for å nytte DFØ som tenesteleverandør. Den jamne veksten i talet på kundar aukar potensialet for å hente ut stordriftsfordelar for staten og gir rom for vidare utvikling av tenestene.

Ein stadig betre og meir effektiv måte å levere tenester på er blant dei viktigaste grepa DFØ tek for å løyse samfunnsoppdraget til verksemda. Dei standardiserte tenestene våre på områda lønns, rekneskap og statsrekneskap høver godt for digitalisering og effektivisering. Kontinuerleg utvikling av tenestene er høgt prioritert, og vi har komme godt i gang med å ta i bruk ny teknologi. Dette arbeidet kjem til å halde fram med full styrke i åra framover. Forbetringar i infrastruktur, integrasjonar og informasjonsforvaltning skal leggje forholda betre til rette for at kundar og brukarar vel digitale tenester og kanalar. Det vil gjere sitt til at dei tenestene DFØ yter, blir meir kostnadseffektive, meir tilgjengelege og får høgare kvalitet.

Vi erfarer at leverandørmarknaden i stor grad går i retning av å tilby tenester baserte på skyteknologi. Skytenester kan gi auka fleksibilitet og lågare kostnader, men krev òg særlege vurderingar når det gjeld tryggleiken og juridiske forhold. Finansdepartementet gav i 2018 ei opning for at DFØ kan nytte skyløysingar som grunnlag for tenesteleveransane. Vi må finne ein god balanse mellom omsynet til effektivitet og ulike krav til tryggleik hos kundane, slik at vi ikkje risikerer at viktige kundegrupper ikkje kan nytte tenestene våre. Generelt legg krav til informasjonstryggleik og etterleving av den nye personvernforordninga klare føringar for den vidare utviklinga av tenestene.

DFØ har gjennom fleire år med effektivisering og omstilling skapt eit godt grunnlag for å møte dei utfordringane vi står overfor i åra framover. Vi har delt kompetanse og erfaringar når det gjeld bruk av ny teknologi på tvers i verksemda. Vi må likevel vere godt førebudde på at automatisering og digitalisering kjem til å påverke organisasjonen og stille nye krav til kompetanse både hos leiarar og hos medarbeidarar. I tillegg aukar behovet for tilsette med digital kompetanse. Dette er kompetanse som DFØ må trekkje til seg i stadig hardare konkurranse med andre verksemdar.

Ei effektiv statsforvaltning krev samarbeid mellom dei statlege verksemdene og ein felles innsats for å hente ut gevinstar for staten. Gjennom samarbeid er det òg mogleg å løyse fleire problem og dekkje fleire behov. DFØ spelar ei viktig rolle som pådrivar for samarbeid. Samarbeidet med Nasjonalbiblioteket og Service- og tryggingssorganisasjonen til departementa (DSS) om produksjon og deling av kunnskapsdokument, og samarbeidet med Kulturdepartementet om digitale fellesløysingar på tilskotsområdet, er gode døme i så måte. I åra framover kjem det òg til å bli behov for endå tettare samarbeid med lønns- og rekneskapskundane for å skape gode og effektive fellesløysingar.

Finansdepartementet har fastsett nye mål for DFØ frå 2019. Vi har òg utarbeidd ny strategi for åra 2018–2021. Den nye strategien legg særleg vekt på effektivisering ved å utvikle og ta i bruk fleire digitaliserte tenester og prosessar. Vi vil dessutan auke innsatsen for å gjere tenestene meir brukarvennlege og levere tydelege og praktiske råd om god styring. Det gjer oss godt rusta til å prioritere rett, slik at vi kan møte krava om effektivisering, utnytte teknologiske nyvinningar og løyse samfunnsoppdraget vårt på ein god måte.

Del 6: Årsrekneskap

Årsrekneskap 2018 – kommentar frå leiinga

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) er eit bruttobudsjettert forvaltingsorgan underlagt Finansdepartementet (FIN). Vi er det statlege ekspertorganet for styring i staten. Med utgangspunkt i økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen leverer vi fellesløysingar og legg til rette for gode avgjerdsgrunnlag og god styring i og av statlege verksemder.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, med tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet.

Årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei løyvingane verksemda disponerer, og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

DFØ har, i samråd med Finansdepartementet, vedteke at vi skal føre og rapportere verksemdsrekneskapen i samsvar med dei statlege reknekapstandardane. Årsrekneskapen skal gi eit korrekt uttrykk for ressursbruken i verksemda dette året og for egedelar og gjeld.

Vi vurderer det slik at årsrekneskapen gir eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året, og for egedelar og gjeld i verksemda.

Vesentlege forhold ved årsrekneskapen

Løyvingsrapportering

Den samla tildelinga til DFØ var på 556 millionar kroner. I tillegg har DFØ hatt meirinntekter på 2 millionar kroner. Dette har auka den totale disponible ramma for DFØ til 558 millionar kroner.

DFØ har eit mindreforbruk av ordinære midlar på tre prosent av brutto driftsbudsjett. DFØ legg stor vekt på at dei avdelingsvise budsjetta skal haldast, og det er liten toleranse for budsjettoverskridingar. Det fører til ei generell varsemd når det gjeld bruk av driftsmidlar, og det fører igjen til eit mindreforbruk.

Mindreforbruk av midlar på 45-posten gjeld faktura- og innkjøpssystem (4,6 millionar kroner) og utviklingsmidlar (4,5 millionar kroner).

DFØ er tildelt midlar over Finansdepartementets kapittel 1608 til finansiering av oppdraga felles økonomimodell for departementa, publiseringsprosjektet (statsregnskapet.no) og auka nytte av SRS. Midlane er i all hovudsak nytta.

Sjå note C–F for nærmare forklaring på mindreforbruket.

Mellomværet med statskassa utgjorde ved årsslutt 12,6 millionar kroner. Det er 1,4 millionar kroner høgare enn i 2017, og kjem av ein auke i forskotstrekk som følgje at vi er fleire tilsette.

Artskontorrapportering

Det er utbetalt 320 millionar kroner i lønn og sosiale kostnader. Det er ein auke på 20 millionar kroner samanlikna med 2017. Auken kjem av lønnsvekst som følgje av lønnsoppgjeret i 2018 og at vi er fleire tilsette på grunn av at vi har fått fleire kundar og oppgåver.

Andre utbetalingar til drift er 18 millionar kroner høgare i 2018 enn dei var i 2017. Hovudårsaka til dette er auka utgifter til lisensvedlikehald og til vedlikehald av datalagringsløyising.

Det er utbetalt til saman 27 millionar kroner til investeringar i 2018. Dei gjeld i hovudsak investering i lisensar og programvare, utskifting av gammal maskinpark og gamle system, og utviding av datalagringsløyising.

Verksemdsrekneskapen

Immaterielle egedelar under utføring er 13 millionar kroner lågare enn dei var i 2017. Årsaka er at fleire prosjekt blei ferdigstilte i 2018, og at dei tilhøyrande anlegga er aktiverte.

Andre fordringar auka med 10 millionar kroner i 2018. Årsaka er auka lisensvedlikehald og utviding av kontorlokale i Stavanger som følgje av nye kundar og dermed fleire tilsette.

Leverandørgjelda er 7,5 millionar kroner høgare i 2018. Årsaka er ein større faktura som er bokført i 2018 og kjem til utbetaling i 2019.


Lønnskostnadene har auka av same årsak som at lønsutbetalingane har auka.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for DFØ. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Revisjonsmeldinga skal liggje føre innan 1. mai 2019.

Oslo, 13. mars 2019

Hilde Singsaas



direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeidd og lagd fram etter retningslinjer fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten (føresegnene). Rekneskapen er ført i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegnar i rundskriv R-115 av november 2016 frå Finansdepartementet og krav fastsette av Finansdepartementet. DFØ har ein eigen prinsippnote for verksemdsrekneskapen som blir ført i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter i rekneskapsåret
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

DFØ er knytt til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har høve til å trekkje på konsernkontoen sin. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto ved overgangen til nytt år.

Løyvingrapportering

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar DFØ står oppført med i kapitalrekneskapen.

Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som DFØ har rapportert til statsrekneskapen.

Rekneskapstala blir stilte opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen DFØ har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva DFØ har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser òg alle finansielle egedelar og forpliktingar DFØ står oppført med i den statlege kapitalrekneskapen.

I note C–E er forbruk av løyvinga vist, og note F viser forbruk av midlar som Finansdepartementet har stilt til rådvelde innanfor eige kapittel.

Artskontorrapportering

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som DFØ har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. DFØ har rett til å trekkje på konsernkontoen i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvingsrapportering 31.12.2018

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling 2018	Rekneskap 2018	Meirutgift (-) og mindreutgift
1605	Direktoratet for økonomistyring	01	Driftsutgifter	A, C	522 092 000	508 476 740	13 615 260
1605	Direktoratet for økonomistyring	45	Større utstyrsanskaffinger og vedlikehold	A, E	25 905 000	16 745 898	9 159 102
1608	Finansdepartementet	21	Spesielle driftsutgifter	A, F	8 500 000	8 439 136	
1633	Nettoordning statleg betalt mva.	01	Driftsutgifter		0	38 811 828	
<i>Sum utgiftsført</i>					556 497 000	572 473 601	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samla tildeling 2018	Rekneskap 2018	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
4605	DFØ, driftsinntekter	01	Økonomitjenester	D	101 700 000	103 584 413	1 884 413
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29			0	563 447	
5700	Folketrygda sine inntekter, arbeidsgivaravgift	72			0	39 371 416	
<i>Sum inntektsført</i>					101 700 000	143 519 276	
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen						428 954 325	
Kapitalkontoar							
60086301	Noregs Bank KK/innbetalingar					120 683 129	
60086302	Noregs Bank KK/utbetalingar					-548 255 760	
716010	Endring i mellomvære med statskassa					-1 381 694	
<i>Sum rapportert</i>						0	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

		31.12.2018	31.12.2017	Endring
716010	Mellomvære med statskassa	-12 572 015	-11 190 320	-1 381 694

Note A Forklaring til samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
160501	6 148 000	515 944 000	522 092 000
160545	10 105 000	15 800 000	25 905 000
160821		8 500 000	8 500 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg beløp som kan overførast til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/mindreutgift	Meirutgift(-)/mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter/mindreinntekt er (-) etter meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks. beløp som kan overførast	Mogleg beløp som kan overførast, rekna ut av verksemda
160501/ 460501		13 615 260	13 615 260	1 884 413	15 499 673	25 797 200	15 499 673
160545	kan overførast	9 159 102	9 159 102		9 159 102	31 300 000	9 159 102
160021	kan ikkje overførast	60 864	60 864		60 864	0	0

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter*Stikkordet «kan overførast»*

Løyvinga til DFØ på post 45 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet kjem frå tildelingar gitt innanfor dei to siste budsjettåra, og verksemda lét beløpet inngå som ein del av overført beløp.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

DFØ har brukt meirinntekter som er rapporterte på kapittel/post 460501 til å dekkje meirutgifter under driftsposten 160501.

Mogleg beløp som kan overførast

Ubrukt løyving til DFØ på kapittel/post 160501, inkludert fullmakt til å overskride utgifter/driftsløyving, er under grensa for overføring på 5 prosent. DFØ søker om å få heile beløpet overført til neste år.

Ubrukt løyving til DFØ på kapittel/post 160545 kan overførast i sin heilskap, og DFØ søker om å få heile beløpet overført til neste år.

Ubrukt løyving på FINs kapittel/post 160021 og kapittel/post 160821 kan ikkje overførast. Sjå note F for nærmare forklaring til fullmakta.

Note C Løyvingsrapportering – ordinære driftsmidler (i 1000 kr)

Kap.	Kapitteltekst	Post	Samla tildeling for 2018	Rekneskap 2018	Avvik tildeling/rekneskap
1605	Direktoratet for økonomistyring	01	522 092	508 477	13 615
4605	Direktoratet for økonomistyring	01	-101 700	-103 584	1 884
Sum ordinære midlar			420 392	404 892	15 500

Forklaring til netto mindreutgift (15,5 millionar kroner)

DFØ legg stor vekt på at dei avdelingsvise budsjetta skal haldast, og det er liten toleranse for budsjettoverskridingar. Det fører til ei generell varsemnd når det gjeld bruk av driftsmidler, noko som igjen fører til mindreforbruk.

3,3 millionar kroner gjeld netto meirinntekt knytt til fakturering av tredjepartskostnader i lønns- og rekneskapssystemet. Vi planlegg for at inntektene skal bli lik utgiftene, og vi tek omsyn til estimert netto meir-/mindreinntekt ved årsslutt når vi fastset pris til kundane året etter. Innanfor kvart enkelt år kan det likevel vere utfordrande å få inntektene til å bli lik utgiftene.

I 2018 finansierte DFØ fleire forbetnings- og utviklingstiltak med driftsmidler. Nokre av desse tiltaka er forseinka eller har sluttdato i 2019. Det gir eit mindreforbruk på i overkant av 4 millionar kroner.

Størstedelen av mindreutgifta gjeld vakansar og/eller Nav-refusjonar, der det har vore vanskeleg å erstatte personellressursane, eller at dette har teke lengre tid enn planlagt. Det har igjen ført til forseinkingar i nokre av aktivitetane.

Meirinntekter (1,9 millionar kroner)

Inntektene til DFØ omfattar betaling for fakturabehandling, vedlikehald av programvare og teknisk drift av lønssystemet, betaling frå kundar som ikkje kan overføre budsjettamme til oss, eller som har fått unntak frå dette, i tillegg til inntekter frå konferansar og undervisningsoppdrag. Inntektsramma er endra med til saman 51 millionar kroner i 2018 som følge av kundeopptak og endring i avtalar med eksisterande kundar. Inntekta blei i underkant av to prosent høgare enn løyvinga. Dette blir motsvar av tilsvarende utgift. Sjå note D for spesifikasjon av inntektene.

Note D Spesifikasjon av inntekter (i 1000 kr)

Type inntekt	Rekneskap 2018
Betaling for fakturabehandling, vedlikehald av programvare o.a.	48 600
Direkte betaling frå kundar som ikkje kan overføre ramme til oss ¹¹	49 700
Styringskonferansen, kundeforum og undervisningsoppdrag	3 400
Midlar frå Difi (Digital samling og e-læring)	1 600
